



**FINANSTILSYNET**

THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY

# Årsrapport 2022

## **«Finansielt utsyn» 2022 og rapportering frå tilsynsområda**

Analysar av utviklingstrekk i finansmarknaden blei presenterte i den halvårlege rapporten «Finansielt utsyn» i juni og desember. Rapporteringa frå aktivitetar på tilsynsområda i 2022 blei publisert som separate rapportar i februar 2023.

# Innhald

I	Rapport frå leiinga	4
II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
III	Årets aktivitetar og resultat	22
IV	Styring og kontroll i verksemda	36
V	Vurdering av framtidsutsikter	42
VI	Årsrekneskap	46

# Rapport frå leiinga



# Rapport frå leiinga

Finansmarknadene og realøkonomien var i 2022 prega av krigen i Ukraina og høg inflasjon. Den russiske krigføringa og kutta i gassleveransane til Europa utløyste ei europeisk energikrise og bidrog til nye forstyrningar i forsyningsskjedene og stort underskot på mange råvarer. Aktivitetsnivået heldt seg likevel høgt både i Noreg og mange andre land, med låg arbeidsløyse og mangel på arbeidskraft i fleire sektorar. I byrjinga av 2023 er situasjonen framleis slik.

Energikrisa, forstyrningar i forsyningsskjedene og råvaremangel bidrog saman med høg etterspurnad etter varer og tenester til ein kraftig auke av konsumprisveksten globalt. Sentralbankane fann det nødvendig å stramme inn pengepolitikken kraftig ved både å auke styringsrentene mykje på kort tid og begynne å bygge ned store obligasjonsbeholdningar som tidlegare var kjøpte for å stimulere den økonomiske aktiviteten. I historisk samanheng er rentenivået likevel framleis lågt, og obligasjonsbeholdningane til sentralbankane er ikkje vesentleg reduserte. Den lange perioden etter den globale finanskrisa med lett tilgjengeleg og svært billig kreditt er likevel broten.

Omlegginga av pengepolitikken og meir politisk og økonomisk uvissa påverka dei globale finansmarknadene gjennom heile året. Dei langsiktige rentene og kredittrisikopremiane auka frå rekordlåge nivå, og marknadsvolatiliteten auka generelt. Kursnivået på dei største aksjebørsane fall betydeleg, men ikkje dramatisk. Aksjekursane på Oslo Børs heldt seg oppe som følgje av eit stort innslag av energiselskap.

I mange land fall egedomsprisane merkbart i 2022, men frå eit høgt nivå. Etter ein sterk prisoppgang fram mot hausten fall bustadprisane i Noreg noko mot slutten av året. I marknaden for næringseigedom auka uvissa som følgje av renteoppgangen og større risikoaversjon blant investorane. Egedomsverdiane blei likevel i avgrensa grad nedskrivne i rekneskapen til eigarane. Prisnivået på bustad- og næringseigedom i Noreg er framleis svært høgt i historisk samanheng.

Prisane på kryptovaluta fall kraftig i løpet av året, og marknaden var prega av fleire internasjonale skandalar. Verdifallet fekk likevel ingen alvorlege følgjer for realøkonomien og det finansielle systemet. Dette reflekterer at kryptoeigedelar så langt har avgrensa verdi som betalingsmiddel og som investeringsalternativ i den tradisjonelle finanssektoren.

Høg gjeld i hushalda og høge egedomsprisar utgjer dei viktigaste sårbarheitene i det norske finansielle systemet. Det gjer oss særleg utsette dersom vi skulle få stagflasjon, med sterk renteoppgang som følgje av vedvarande høg inflasjon og samtidig auka arbeidsløyse, og krakk i egedomsmarknadene. Eit slikt scenario er ikkje

det mest sannsynlege, men uvissa er stor, slik sentralbankane òg understrekar. Inflasjonen og rentenivået i Noreg vil vere sterkt påverka av den internasjonale utviklinga. Sjølv om den norske staten har stor finansiell handlefridom, vil norske myndigheter ha avgrensa høve til å motverke eit tilbakeslag i norsk økonomi dersom verdsøkonomien blir ramma av stagflasjon.

Utviklinga i realøkonomien og finans- og eigedomsmarknadene bidrog til låge kredittap og svært god lønnsemid i norske bankar i 2022. Utviklinga kravde likevel at Finanstilsynet hadde, og framleis må ha, stor merksemid på risikoen i det finansielle systemet, inkludert tapsrisikoen i bankane. Stresstesten til Finanstilsynet viste at bankane kan bli påførte store tap i eit stagflasjons-scenario. Europeiske tilsynsmyndigheter har òg stor merksemid på faren for stagflasjon, og den neste stresstesten av europeiske bankar er basert på eit slikt scenario.

God lønnsemid og soliditet gir norske bankar eit godt utgangspunkt for å kunne handtere auka tap og marknadsuro. Den store uvissa med auka fare for finansiell ustabilitet understrekar samtidig kor viktig det er at den reelle soliditeten til bankane ikkje blir svekt.

Volatile energi- og råvarereprisar gir store utslag i dei finansielle marknadene for varederivat. Den europeiske energikrisa førte i haust til ein kraftig prisauke i den europeiske kraftmarknaden, som igjen utløyste ekstreme prisutslag i den nordiske marknaden for straumderivat. På kort tid auka kravet til sikkerheitsstilling mykje for kraftprodusentar og andre som hadde inngått framtidskontraktar på derivatbørsen Nasdaq Oslo om kraftsal til vesentleg lågare pris enn spotprisen. Det var fare for at enkelte av desse ville misleghalte krav til sikkerheitsstilling hos den sentrale motparten som clearar derivatkontraktane, Nasdaq Clearing i Stockholm. Omfattande misleghald kunne ha utløyst eit samanbrot i denne derivatmarknaden med ringverknader i heile det finansielle systemet. Nordiske naboland etablerte statlege låneneordningar for å førebyggje misleghald av derivatkontraktar blant kraftselskapa i desse landa.

Det var òg andre døme på at volatilitet i marknadene for dei underliggjande aktiva til derivata utløyste uro i derivatmarknadene med konsekvensar for den finansielle stabiliteten. Mot slutten av 2022 utløyste eit kraftig kursfall på britiske statsobligasjonar høgare krav til sikkerheitsstilling og fare for misleghald av derivatkontraktar i marknaden for rentesikringinstrument. Eigrarar av sikringsinstrument selde statspapir for å oppfylle marginkrav, slik at kursfallet blei sjølvforsterkande. Den britiske sentralbanken fann det då nødvendig å intervenere gjennom støttekjøp av statspapir av omsyn til den finansielle stabiliteten.

Dei store utsлага i derivatmarknadene understrekar kor viktig det er at tilsynsmyndighetene følgjer desse marknadene tett. Marknadsutsлага kan bli store og uoversiktlege under urolege marknadsforhold. Etter finanskrisa blei det globalt innført skjerpa krav til gjennomsiktigkeit og sikkerhetsstilling gjennom mellom anna clearing av derivatkontraktar for å redusere systemrisikoen. Erfaringane med store marknadsutslag viser at det kan vere behov for å revidere det internasjonale regelverket for derivathandel. Finanstilsynet må vere særleg merksam på motparts- og likviditetsrisikoen til finansføretaka ved bruk av sikringsinstrument og annan derivathandel.

Krigen i Ukraina og fleire angrep på infrastrukturen i Europa, og dessutan generell geopolitisk uvisse, stiller øg strengare krav til kriserberedskap. Risikoen for større cyberhendingar med alvorlege konsekvensar har auka. Slike hendingar kan ha store konsekvensar for den finansielle infrastrukturen, særleg om dei rammar kritiske funksjonar i det finansielle systemet. Finanstilsynet samarbeider nært med Noregs Bank og andre myndigheter for å overvake risikoen og beredskapen føretaka har for å handtere cyberangrep og andre operasjonelle kriser. Tilsynet har øg viktige koordineringsoppgåver mellom myndigheter og finansnæringa som ledd i kriserberedskapen på dette området.

God styring og kontroll av regelverksetterleving og risiko, som er eit leiingsansvar, er avgjerande for at verksemder under tilsyn skal vere robuste og tene kundane på ein god måte. Også i 2022 avdekte Finanstilsynet på mange tilsynsområde fleire tilfelle av grunnleggjande svikt i dei interne styrings- og kontrollfunksjonane til verksemdene. Det blei mellom anna avdekt alvorleg svikt i fleire mindre og mellomstore bankar, både i sparebankar og i forretningsbankar som er etablerte dei siste åra.

Finanstilsynet driv risikobasert tilsyn. Det betyr mellom anna at mykje av ressursane til tilsynet i utgangspunktet blir brukte på større føretak. Erfaringane frå tilsynsverksemda understrekar likevel at det også er nødvendig å bruke betydelege ressursar på mindre føretak der det blir avdekt eller er indikasjonar på alvorleg svikt i styrings- og kontrollfunksjonar.

Finanstilsynet har i 2022 i hovudsak løyst oppgåvene i tråd med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet og eigne planar. Som under pandemien, kravde krigen og marknadsutviklinga at Finanstilsynet dreidde ressursbruken mot særskilde hendingar og endra marknadsforhold. Avviklinga av smitteverntiltaka gjorde det lettare å drive tilsynsverksemda på ein formålstenleg måte. Samtidig var også 2022 prega av at Finanstilsynet må bruke mykje ressursar på å førebu gjennomføringa av og forvalte eit veksande europeisk regelverk og på å delta i det europeiske tilsynssamarbeidet.

Digitalisering og kontinuerleg forbetring av arbeidsprosessar og tilsynsmetodikk er avgjerande for at Finanstilsynet kan auke effektiviteten og kvaliteten på arbeidet i åra framover. I 2022 blei verksemda ytterlegare digitalisert, og Finanstilsynet har lagt eit godt grunnlag for å vidareføre dette arbeidet i åra som kjem. Den store veksten i oppgåver krev i tillegg auka bemanning for å kunne halde oppe eit forsvarleg nivå på tilsynsverksemda, og i statsbudsjettet for 2023 er Finanstilsynet tildelt noko meir midlar til dette.


Finanstilsynet arbeidde i 2022 med ein ny verksemstrategi for fireårsperioden 2023–2026. I arbeidet med strategien har Finanstilsynet vurdert sentrale utviklingstrekk og moglege endringar i lovbestemte rammevilkår, risikofaktorar, produkt og åtferdsmønster. Det er øg henta inn vurderingar og planar frå mellom anna andre finanstilsynsmyndigheter. Måla for verksemda ligg fast, og hovudprioriteringane er langt på veg vidareførte som i strategien for førre fireårsperiode.

Oslo, 22. februar 2023

Finn Arnesen  
styreleiar

Morten Baltzersen  
finanstilsynsdirektør

# Introduksjon til verksemda og hovedtal



# Introduksjon til verksemda og hovudtal

## Rolla og oppgåvene til Finanstilsynet

Finanstilsynet er eit sjølvstendig myndighetsorgan som arbeider med grunnlag i lover og vedtak frå Stortinget, regjeringa og Finansdepartementet. Finanstilsynet deltek òg i eit omfattande internasjonalt samarbeid. Gjennom EØS-avtalen blir finansmarknadsregelverket til EU gjennomført i norsk rett.

Gjennom tilsyn med føretak og marknader skal Finanstilsynet bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader og til at brukarane kan ha tillit til at finansielle avtalar og tenester blir følgde opp slik dei skal.

Finanstilsynet kontrollerer korleis føretaka driv verksemda i finansmarknaden, om dei er solide og kan tolke skiftande økonomiske forhold, og om dei har eit akseptabelt risikonivå.

## Lovgrunnlag

Finanstilsynet sitt formål etter finanstilsynslova § 3:

«Tilsynet skal se til at de foretak det har tilsyn med, virker på hensiktsmessig og betryggende måte i samsvar med lov og bestemmelser gitt i medhold av lov samt med den hensikt som ligger til grunn for foretakenes opprettelse, dens formål og vedtekter. Tilsynet skal se til at foretakene under tilsyn i sin virksomhet ivaretar forbru kernes interesser og rettigheter.»

## Hovudmål

Hovudmålet til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

## Strategi

Kvart fjerde år gjennomgår Finanstilsynet strategien for verksemda. Strategien er eit viktig grunnlag for løpende prioritering og styring av verksemda til tilsynet. Saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er strategien utgangspunktet for dei årlege planane for verksemda. Strategien for perioden 2019–2022 blei fastsett av styret 18. desember 2018. I 2022 arbeidde Finanstilsynet med utkastet til ein ny strategi for perioden 2023–2026. Den nye strategien blei fastsett av styret til Finanstilsynet 31. januar 2023.

## Delmål 2019–2022

I strategien for 2019–2022 og i tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er det formulert seks delmål, slik at ein lettare kan operasjonalisere hovudmåla og evaluere verksemda. Delmåla er nytta i rapporteringa av måloppnåinga i 2022, sjå omtale i kapittel III.

### Dette er delmåla:

1. Solide og likvide finansføretak
2. Robust infrastruktur
3. Investorvern
4. Forbrukarvern
5. Effektiv krisehandtering
6. Kampen mot kriminalitet

## Leiinga

Styret i Finanstilsynet har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Styret hadde ved utgangen av 2022 fem medlemmer, to varamedlemmer og to tilsetterepresentantar. Finansdepartementet oppnemner medlemmene og varamedlemmene for ein periode på fire år. Varamedlemmene deltek fast på styremøta. Dei to tilsetterepresentantane er valde av og blant dei tilsette, og dei deltek i styrebehandlinga av administrative saker. I tillegg deltek éin observatør frå Noregs Bank, som òg er oppnemnd av Finansdepartementet. Frå 1. mars 2018 er Finn Arnesen styreleiar i Finanstilsynet. Han tok til på den andre perioden som styreleiar i mars 2022, då Finansdepartementet oppnemnde eit nytt styre.

Den daglege leiinga blir utført av finanstilsynsdirektøren, som er oppnemnd på åremål for seks år om gongen. Morten Baltzersen har vore finanstilsynsdirektør sidan 15. august 2011. Han tok til på det andre åremålet i august 2017. Leiargruppa i Finanstilsynet består av finanstilsynsdirektøren, avdelingsdirektørane for tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren.



# Styret

## Finn Arnesen

*leiar*  
busett i Åsgårdstrand, professor ved Nordisk institutt for sjørett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

## Giuditta Cordero-Moss

*nestleiar*  
busett i Oslo, professor ved Institutt for privatrett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

## Mette Bjørndal

*styremedlem*  
busett på Frekhaug, professor ved Institutt for føretaksøkonomi, Noregs Handelshøgskole

## Marianne Hansen

*styremedlem*  
busett på Leines, seniorrådgivar, Steigen kommune

## Helge Eide

*styremedlem*  
busett i Lillestrøm, områdedirektør for samfunn, velferd og demokrati, KS – Kommunesektorens organisasjon

## Kristin Gulbrandsen

*første varamedlem*  
busett i Oslo, pensjonist

## Jens-Henrik Lien

*andre varamedlem*  
busett i Hamar, advokat/partnar i advokatfirmaet Mageli

## Sindre Weme

*observatør*  
direktør i bankanalyse  
i Noregs Bank

## Ylva Søvik

*varaobservatør*  
assisterende direktør  
i bankanalyse i Noregs Bank

Representantar for dei tilsette:

**Alfred Ødegaard**, tilsynsrådgivar

**Astrid Rindal**, seniorrådgivar (frå 11. mars)

Vararepresentantar var seniorrådgivar **Astrid Rindal** (fram til 11. mars) og tilsynsrådgivar **Linn Therese Jørgensen**.

**Arne Skauge** var styremedlem, og **Thorunn Falkanger** var varamedlem fram til Finansdepartementet oppnemnde nytt styre med verknad frå 11. mars 2022.

Tilsynsrådgivar **Øystein Endal** var representant for dei tilsette fram til 11. mars 2022.

I 2022 hadde styret elleve ordinære styremøte. Styret avgjorde 29 administrative saker og 40 fagsaker. I tillegg fekk styret 21 administrative saker og 33 fagsaker til skriftleg orientering. Styret får òg munnleg orientering om aktuelle saker.

**Frå venstre:**  
Mette Bjørndal  
Giuditta Cordero-Moss  
Kristin Gulbrandsen  
Alfred Ødegaard  
Astrid Rindal  
Finn Arnesen  
Jens-Henrik Lien  
Marianne Hansen  
Sindre Weme  
Helge Eide

Foto: Jarle Nytingnes



**FINANSTILSYNET**  
THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY



# Leiargruppa

**Morten Baltzersen**  
*finanstilsynsdirektør*

**Ann Viljugrein**  
*direktør for bank- og forsikringstilsyn*

**Anne Merethe Bellamy**  
*direktør for marknadstilsyn*

**Per Mathis Kongsrud**  
*direktør for digitalisering og analyse*

**Nina Moss**  
*administrasjonsdirektør*

**Cecilie Ask**  
*juridisk direktør*

**Lisbeth Strand**  
*kommunikasjonsdirektør*

## Frå venstre:

Anne Merethe Bellamy  
Lisbeth Strand  
Ann Viljugrein  
Morten Baltzersen  
Per Mathis Kongsrud  
Cecilie Ask  
Nina Moss

Foto:  
Jarle Nytingnes

## Konsesjonspliktige føretak under tilsyn

- bankar
- finansieringsføretak
- kredittføretak
- sparebank- og finansstiftingar
- gjeldsinformasjonsføretak
- betalingsføretak
- e-pengeføretak
- opplysningsfullmektigar
- forsikringsføretak
- forsikringsformidlarar
- pensjonsføretak
- marknadsoperatørar, inkl. børsar
- sentrale motpartar
- verdipapirsentralar
- verdipapirføretak
- forvaltingselskap for verdipapirfond
- forvaltarar av alternative investeringsfond
- revisorar og revisjonsføretak
- rekneskapsførarar og rekneskapsførarføretak
- eigedomsmeklarar og eigedomsmeklingsføretak
- inkassoføretak
- administratorar av finansielle referanseverdiar

## Andre tilsynsoppgåver

- krisehandteringsmyndighet
- makrotilsyn og -regulering
- kontroll med prospekt
  - omsetjelege verdipapir
- kontroll av finansiell rapportering fra noterte føretak
- tilsyn med handel og marknadsåtferd i verdipapirmarknaden
- tilsyn med ulike sider av derivatmarknaden
- tilsyn med låneformidlingsføretak
- tilsyn med IT og system for betalingstenester og finansiell infrastruktur
- etterleving av kvitvaskingsregelverket for mellom anna tilbydarar av verksemdstenester og tilbydarar av vekslings- og oppbevaringstenester for virtuell valuta, i tillegg til føretak under tilsyn

## Personale og organisasjon

Verksemda til Finanstilsynet krev både tverrfagleg kompetanse og spisskompetanse på dei ulike tilsynsområda. Dei største utdanningsgruppene er samfunns- og siviløkonomar, juristar og revisorar. Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle organisasjonen i tråd med nasjonale og internasjonale føringar og eigne behov.

I 2022 gjennomførte Finanstilsynet ei arbeidsmiljøundersøking som blei følgd opp med ulike tiltak. Deltakinga i arbeidsmiljøundersøkinga var på 87 prosent, mot 84 prosent i 2020. Dei fleste temaområda i undersøkinga hadde ei positiv utvikling samanlikna med undersøkinga i 2020.

I 2022 var det krevjande å rekruttere ulike typar spisskompetanse. Finanstilsynet legg vekt på tiltak for å rekruttere, behalde og vidareutvikle dyktige medarbeidarar og leiarar. Tilsynet legg òg vekt på intern mobilitet for å auke den totale kompetansen om verksemda. I 2022 vedtok tilsynet ein kompetansestrategi som er grunnlaget for arbeidet med å tiltrekke seg og behalde den nødvendige kompetansen for å handtere eksisterande og framtidige oppgåver.

Lønna til direktøren var 1 827 000 kroner ved utgangen av 2022. Styreleiaren fekk eit fast årleg honorar på 304 100 kroner, nestleiaeren fekk 205 400 kroner, og styremedlemmene fekk 177 900 kroner. Til første varamedlem var honoraret 149 700 kroner, og til andre varamedlem var det 125 500 kroner.

## Fakta

- Finanstilsynet hadde 314 faste stillingar i budsjettet ved utgangen av 2022, mot 310 året før.
- Ved utgangen av 2022 hadde Finanstilsynet 323 tilsette, mot 326 ved utgangen av 2021. Dette talet inkluderer korttidsengasjement og timelønna personar. Årsaka til nedgangen er mellom anna at det tok lengre tid å fylle ledige faste stillingar som følgje av auka utskifting.
- Antalet avtalte årsverk var 298,9 ved utgangen av 2022, mot 297 eitt år tidlegare. Avtalte årsverk er berekna ut frå talet på arbeidsavtalar totalt. Fråvær er ikkje trekt frå.
- Antalet utførte årsverk var 288,1 ved utgangen av 2022, mot 294 ved utgangen av 2021. Her er fråvær (som permisjonar og sjukefråvær) trekt frå og overtid inkludert.
- Finanstilsynet hadde ei utskifting av tilsette på 12,2 prosent i 2022, mot 10,7 prosent i 2021.
- Finanstilsynet hadde ingen tilsette i ufrivillig deltidsarbeid i 2022. Arbeidstakrar som ikkje er fast tilsette, er anten vikarar eller timelønna personar (studentar og pensjonistar).

**Tabell 1:** Antal årsverk per 31.12.2022

	Avtalte årsverk	Utførte årsverk
Administrasjonsavdelinga	30,3	27,2
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	92,2	90,3
Avdeling for digitalisering og analyse	68,9	67,4
Avdeling for marknadstilsyn	95,4	91,1
Kommunikasjonsstaben	8,0	8,0
Finanstilsynsdirektøren m/stab	4,0	4,1
<b>Totalt</b>	<b>298,9</b>	<b>288,1</b>

Kjelde: SAP

Finanstilsynet har hatt vekst i rekrutteringa i fleire år og hadde 55 kunngjeringar av ledige stillingar i 2022, der nokre av kunngjeringane gjaldt fleire stillingar. Fleire av stillingane blei lyste ut fleire gongar, og nokre av

prosessane blei avslutta tidleg i 2023. Finanstilsynet profilerer seg overfor målgruppene tilsynet rekrutterer frå, og nyttar alternative rekrutteringsmetodar for å kunne skaffe den rette kompetansen.

**Tabell 2:** Utskifting

	2018	2019	2020	2021	2022
Utskifting (i prosent)	6,8	8,4	7,3	10,7	12,2

## Hovudtal frå årsrekneskapen

**Tabell 3:** Hovudtal frå årsrekneskapen

	2021	2022
Tal på utførte årsverk	294	288
Samla tildeling (post 01–99)	kr 467 446 000	kr 498 735 000
Utnyttingsgraden på post 01–29	96,9 %	96,1 %
Sum utbetalingar til drift	kr 448 068 709	Kr 465 526 515
Lønnsdel av utbetalingar til drift	75,9 %	69,6 %
Lønnsutgifter per utførte årsverk	kr 1 156 568	Kr 1 124 861

Lønnsutgifter per årsverk er summen av lønn, arbeidsgivaravgift, pensjonsutgifter og andre ytingar, som velferd og personforsikringar. Før summen blir delt på

årsverk, blir refusjonar som gjeld lønn, trekte frå. Sjå òg kapittel VI Årsrekneskap, note 2: Utbetalingar til lønn, på side 53.

## Alderssamsetjing

**Figur 1:** Alderssamsetjinga i Finanstilsynet



Kjelde: Finanstilsynet/SAP

**Tabell 4:** Alderssamsetjing fordelt på avdelingane (i prosent)

Avdeling	29 år og yngre	30–39 år	40–49 år	50–59 år	60 år og eldre
Administrasjonsavdelinga	9,1	18,2	21,2	30,3	21,2
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	12,2	24,5	14,3	32,7	16,3
Avdeling for digitalisering og analyse	12,2	20,3	18,9	33,8	14,9
Avdeling for marknadstilsyn	13,2	19,8	32,1	22,6	12,3
Kommunikasjonsstaben			37,5	37,5	25,0
Finanstilsynsdirektøren m/stab				25,0	75,0
<b>Alderssamsetjinga totalt i Finanstilsynet</b>	<b>11,8</b>	<b>20,4</b>	<b>22,3</b>	<b>29,4</b>	<b>16,1</b>

Figuren viser alderssamsetjinga blant dei tilsette i Finanstilsynet. Tala inkluderer fast tilsette, mellombels

tilsette, åremålsstillingar og timelønna personar – uavhengig av stillingsprosent.

## Kjønnssamsetjing

**Figur 2:** Kjønnssamsetjinga i Finanstilsynet



Kjelde: SAP

**Tabell 5:** Kjønnssamsetjing fordelt på avdelingane (i prosent)

Avdeling	Kvinner	Menn
Administrasjonsavdelinga	76	24
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	50	50
Avdeling for digitalisering og analyse	36,5	63,5
Avdeling for marknadstilsyn	48	52
Kommunikasjonsstaben	37,5	62,5
Finanstilsynsdirektøren m/stab	50	50
<b>Kjønnssamsetjinga totalt i Finanstilsynet</b>	<b>49</b>	<b>51</b>

Kjelde: SAP

**Tabell 6:** Kjønnsbalanse for heile Finanstilsynet og på avdelingsnivå

	Alle tilsette		Mellombels tilsette (vikarar)		Timelønna personar (studentar og pensjonistar)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Administrasjonsavdelinga	25	8	0	1	0	1
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	49	49	0	0	5	1
Avdeling for digitalisering og analyse	27	47	0	0	3	2
Avdeling for marknadstilsyn	51	55	0	1	9	2
Kommunikasjonsstaben	3	5	0	0	0	0
Finanstilsynsdirektøren m/stab	2	2	0	0	0	0
<b>Sum heile Finanstilsynet</b>	<b>157</b>	<b>166</b>	<b>0</b>	<b>2</b>	<b>17</b>	<b>6</b>

## Likestilling, inkludering og mangfold

Finanstilsynet har ei jamn kjønnsfordeling mellom kvinner og menn totalt i verksemda. Det er ei overvekt av kvinner i leiarstillingar (direktørar og seksjonssjefar). Blant saksbehandlarane er det fleire menn, mens det blant det administrative personalet er fleire kvinner. Kjønnsfordelinga i tilsynet var 51 prosent menn og 49 prosent kvinner per 31. desember 2022. Ved utgangen av 2022 var det fem kvinner og to menn i leiargruppa, medrekna finanstilsynsdirektøren. Blant seksjonssjefane var fordelinga 45 prosent menn og 55 prosent kvinner.

Den gjennomsnittlege tida på foreldrepermisjon i 2022 var 15,1 veker for kvinner og 11,2 veker for menn.

Gjennomsnittslønna for kvinner var 96,5 prosent av lønna til menn. Finanstilsynet vurderte i 2022 lønnsforskjellane, og statistikk over lønnsforskjellar blei diskutert med dei tillitsvalde i samband med det lokale lønnsoppgjeret hausten 2022. Lønnsforskjellane innanfor gruppene av direktørar (stillingkode 1062) og seksjonssjefar (stillingkode 1211) skuldast mellom anna at leiastillingane innanfor kvar av gruppene har ulikt innhald.

**Tabell 7:** Kvinner sin del av lønna til menn i 2022

Stillingskode	Kvinner sin del av lønna til menn	Antal kvinner	Antal menn
1602 Direktør (eksl. finanstilsynsdirektøren)	96,1 %	5	1
1211 Seksjonssjef	95,3 %	12	10
1364 Seniorrådgivar (inkl. tilsynsrådgivarar og senior tilsynsrådgivarar)	95,3 %	104	127
1434 Rådgivar	100,6 %	15	9
1408 Førstekonsulent	102,8 %	5	10

(Andre stillingskodar og timelønna personar – inkludert studentar og pensjonistar – inngår ikkje.)

Kjelde: SAP per 31.12.2022

Finanstilsynet følgjer kvalifikasjonsprinsippet, og diskriminering skal ikkje skje. Tilsynet er oppteken av å fremje mangfold, og alle kvalifiserte kandidatar blir oppmoda til å søkje på utlyste stillingar. I 2020 utarbeidde tilsynet ein handlingsplan for å auke bevisstheita om inkluderingsdugnaden og arbeidet mot diskriminering. Handlingsplanen blir følgd opp kontinuerleg. Varslingsrutinane for korleis dei tilsette kan melde frå om mobbing, trakkassering eller andre kritikkverdige forhold, er tilgjengelege på intranettet. Tilsynet gjennomfører medarbeidarsamtalar kvart år og sluttksamtalar når nokon sluttar.

I 2022 arbeidde Finanstilsynet aktivt for å oppfylle målet til regjeringa om at 5 prosent av alle nytilsette i

staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hòl i CV-en, og tilsynet er oppteken av dette i rekrutteringsarbeidet. I 2022 tilsette Finanstilsynet 60 personar (inkludert studentengasjement og administrative tilsetjingar). Handlingsplanen har bidrege til å auke bevisstheita om inkluderingsdugnaden internt, men utfordringa er sokkjartifanget og antalet kvalifiserte kandidatar med hòl i CV-en eller nedsett funksjonsevne. Ingen med nedsett funksjonsevne eller hòl i CV-en blei tilsett i 2022.

For Finanstilsynet er det viktig å leggje til rette for at tilsette som har, eller får, nedsett funksjonsevne, kan halde fram med å arbeide. Tilsynet legg til rette for dette både fysisk og digitalt.

**Tabell 8:** Antal kunngjeringar, nytilsette og søkerar med hòl i CV-en og eller nedsett funksjonsevne

Antal kunngjeringar	Antal nytilsette (inkl. studentengasjement og administrative vedtak)	Søkerar med hòl i CV-en			Søkerar med nedsett funksjonsevne		
		Antal	Søkerar	Intervju	Tilsette	Søkerar	Intervju
Antal	Antal						
55	60	36	8	0	9	3	0

Av dei nytilsette i 2022 hadde 5 prosent innvandrarbakgrunn.

I krava til underleverandørar har Finanstilsynet eit standardvedlegg til alle avtalar, «Samfunnsansvar og etiske retningslinjer». Der står det at det ikkje skal vere nokon former for diskriminering i arbeidslivet.

## Lærlingar

Finanstilsynet har ikkje knytt til seg nokon lærlingar, men nyttar seg i stor grad av studentengasjement (om lag 20 studentengasjement i ti seksjonar). Grunnen til at Finanstilsynet ikkje har lærlingar, er at verksemda har få yrkesretta oppgåver, og er derfor lite eigna for å nyte lærlingar. Studentengasjamenta, derimot, gir svært relevant arbeidserfaring mellom anna for økonomi- og jusstudentar. Fleire av studentane er blitt tilsette i fulltidsstillingar i Finanstilsynet etter enda studium.

## Sjukefråvær

Det var ein auke i sjukefråværet frå 2021 til 2022, frå 3,1 prosent til 4,3 prosent. Sjukefråværet i 2022 var høgare for kvinner enn for menn. Finanstilsynet har i fleire år hatt eit mål om maksimalt 3,5 prosent sjukefråvær. I 2022 nådde ikkje tilsynet dette målet. Dette heng saman med gjenopninga av samfunnet etter

pandemien. Finanstilsynet er ei IA-verksemd og følgjer opp langtidssjukmelde og tilsette med korttidsfråvær. Sjukefråvær blir med jamne mellomrom drøfta i arbeids-, miljø- og likestillingsutvalet (AMLU).

Finanstilsynet arbeider aktivt for å halde sjukefråværet nede, mellom anna gjennom ulike fysiske aktivitetar og kampanjar. Tilsynet har gjennomført fleire kartleggingar om heimekontor og konsekvensar for den enkelte tilsette. Frå juli 2022 kan dei tilsette ha heimekontor inntil to dagar i veka.

Gjennom heile pandemien la Finanstilsynet til rette for heimekontor, mellom anna med digitalt utstyr og andre hjelpermiddel, for å bidra til ein mest mogleg velfunge- rande arbeidsplass.

**Tabell 9:** Kjønnsdelt oversikt over samla sjukefråvær

Samla sjukefråvær i 2022	
Kvinner	5,8 %
Menn	2,9 %
Begge kjønn	4,3 %

Kjelde: SAP per 31.12.2022

## Dokumentbehandling


Talet på registrerte saksdokument til og frå Finanstilsynet auka med 2443 frå 2021 til 2022.

Figur 3 viser talet på dokument per tilsynsområde. Det var ein auke på finans- og forsikringsområdet, mens det var meir stabilt på dei andre områda.

## Dokumentinnsyn hos Finanstilsynet

I 2022 fekk Finanstilsynet førespurnad om innsyn i til saman 8671 dokument. Dette var ei dobling frå 4229 dokument i 2021. I alt 3565 dokument blei ikkje utleverte fordi dei var heilt unntakne frå offentleg innsyn. Dei fleste innsynsbestillingane kjem via den offentlege elektroniske postjournalen elnnsyn.no, som er felles for alle statlege etatar.

**Figur 3:** Dokumentbehandling



## Kommunikasjon

Kommunikasjonstiltaka til Finanstilsynet rettar seg i første rekke mot føretaka og bransjene som Finanstilsynet har tilsyn med, men også mot ulike myndigheter, media og allmenta. Finanstilsynet har eit omfattande kontaktnett og eit godt samarbeid med andre myndigheter i Noreg og i EØS-landa, og med ulike bransje- og interesseorganisasjonar. Tilsynet har faste møte med dei største føretaka under tilsyn. Finanstilsynet gjennomfører brukarundersøkingar hos føretak under tilsyn med jamne mellomrom, og årlege omdømmemålingar hos allmenta.

Finanstilsynet har mange tilsynsområde som er regulerte av omfattande regelverk, og behandlar komplekse saksforhold som krev tydeleg og konsekvent formidling. Det norske regelverket er i stor grad harmonisert med regelverket i EU/EØS. Det er eit aukande behov for god rettleiing til føretak under tilsyn om tolking og etterleving av regelverket på dei ulike tilsynsområda. Finanstilsynet arrangerte i 2022 fleire webinar med rettleiing til føretak om regelverk og rapportering.

I 2021 fastsette Finanstilsynet ein ny kommunikasjonsstrategi for verksemda. To prioriterte utviklingsoppgåver var finanstilsynet.no og forbrukarinformasjon, og tilsynet arbeidde med begge desse oppgåvene i 2022.

Finanstilsynet.no er hovudkanalen for informasjonsdeling. Gjennom 2022 publiserte tilsynet ei stor mengd informasjon, mellom anna tilsynsrapportar, analysar av risikoar og informasjon om regelverk under arbeid. I 2022 blei nettstaden vesentleg oppgradert, også for å innfri krava til universell utforming. Arbeidet med å utvikle nettstaden held fram i 2023.

I 2022 åtvara Finanstilsynet forbrukarane mot å investere gjennom verksemder som ikkje har løyve til å drive finansrådgiving og investering. Finanstilsynet la i juni 2022 fram rapporten «Forbrukervern og finansielle tjenester». Tilsynet arbeidde med fleire saker knytte til såkalla finfluensarar som gir investeringsråd på sosiale medium. I samarbeid med Forbrukartilsynet arrangerte Finanstilsynet eit webinar om regelverket som finfluensarar må følgje.

## Mediedekning

Dei halvårlege makroøkonomiske analysane i rapporten «Finansielt utsyn» og den årlege bustadlånsundersøkinga får generelt mykje merksemd. Media var særleg interesserte i Finanstilsynet sine vurderingar av høg inflasjon, aukande renter og krigen i Ukraina og følgjene dette har for bustad- og finansmarknaden og den finansielle stabiliteten. Hausten 2022 fekk evalueringa av utlånsforskrifta, der Finanstilsynet foreslo innstrammingar, mykje merksemd. I 2022 dekte media også at Finanstilsynet gav gebyr til fleire føretak for brot på kvitvaskingsregelverket. Bankane sitt arbeid med å følgje opp krava til kundedokumentasjon etter kvitvaskingsregelverket fekk brei dekning. Nye tema som fekk meir merksemd i 2022, var mellom anna retta emisjonar og likebehandling av aksjonærar på Oslo Børs og tema tilsynet med Euronext Growth.

Finanstilsynet får fleire hundre førespurnader frå media kvart år, og medieovervakninga viste at tilsynet var nemnt i over 4600 saker i 2022. Finanstilsynet arrangerte fire pressekonferansar i 2022. Desse blei også overførte på nett-TV.

**Tabell 10:** Oversikt over føretak under tilsyn per 31. desember 2022

	2018	2019	2020	2021	2022
Bankar	126	122	118	117	<b>110</b>
Finansieringsføretak	28	30	28	29	<b>28</b>
Kredittføretak	33	32	31	31	<b>30</b>
Filialer i utlandet av norske bankar og andre kredittinstitusjonar	12	16	16	15	<b>14</b>
Filialer i Noreg av utanlandske bankar og andre kredittinstitusjonar	35	32	34	35	<b>35</b>
Sparebank- og finansstiftingar	33	34	34	39	<b>39</b>
Betalingsføretak	16	15	30	33	<b>29</b>
E-pengeføretak	6	6	6	6	<b>5</b>
Vekslings- og oppbevaringstenester for virtuell valuta <sup>1</sup>	-	6	10	9	<b>9</b>
Låneformidlingsføretak	11	13	11	12	<b>18</b>
Opplysningsfullmektigar <sup>2</sup>	-	0	0	1	<b>1</b>
Livsforsikringsføretak	12	11	12	11	<b>11</b>
Skadeforsikringsføretak, inkl. brannkassar	56	55	52	51	<b>51</b>
Sjøtrygdelag	5	5	5	5	<b>5</b>
Filialer i utlandet av norske forsikringsføretak	8	15	14	14	<b>16</b>
Filialer i Noreg av utanlandske forsikringsføretak	28	29	30	32	<b>32</b>
Forsikringsformidlingsføretak <sup>3</sup>	101	112	107	111	<b>2 275</b>
Private pensjonskassar	50	50	49	48	<b>48</b>
Kommunale pensjonskassar	37	37	35	34	<b>34</b>
Innskotspensjonsføretak	1	1	1	1	<b>1</b>
Pensjonsfond	1	1	1	1	<b>1</b>
Holdingføretak	15	15	11	11	<b>12</b>
Verdipapirføretak	96	101	97	95	<b>100</b>
Filialer i Noreg av utanlandske verdipapirføretak	22	23	16	18	<b>17</b>
Forvaltingsselskap for verdipapirfond	29	29	29	29	<b>29</b>
Forvaltarar av alternative investeringsfond	40	40	47	50	<b>56</b>
Registrerte forvaltarar av alternative investeringsfond	107	126	154	180	<b>190</b>
Verdipapisentralar	1	1	1	1	<b>1</b>
Marknadsoperatørar, inkl. børsar	4	4	4	4	<b>4</b>
Administratorar av finansielle referanseverdiar	1	1	1	6	<b>6</b>
Revisorar <sup>4</sup>	7 933	8 128	8 365	1 752	<b>2 342</b>
Revisjonsføretak	447	458	461	458	<b>458</b>
Rekneskapsførarar	11 606	11 626	11 854	12 093	<b>12 320</b>
Rekneskapsførarføretak	2 772	2 708	2 728	2 779	<b>2 699</b>
Eigedomsmeklarføretak	506	504	527	537	<b>525</b>
Advokatar med eigedomsmekling i eigen praksis	1 056	951	880	853	<b>782</b>
Framandinkassoføretak	101	93	90	81	<b>76</b>
Oppkjøpsføretak – inkasso	8	4	5	5	<b>6</b>
Gjeldsinformasjonsføretak <sup>5</sup>	-	3	3	3	<b>3</b>

<sup>1</sup> Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.<sup>2</sup> Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.<sup>3</sup> Med den nye forsikringsformidlingslova som tok til å gjelde frå 01.01.2022, har alle forsikringsagentføretak og aksessoriske forsikringsagentføretak, det vil seie føretak som har forsikringsformidling som ei sideverksemd, no konsesjon og er registrerte i verksemdsregisteret til Finanstilsynet.<sup>4</sup> Frå 2021 er kategorien endra til «statsautoriserte revisorar». Etter den nye lova blir revisorregisternummer tildelt i samband med godkjenning som statsautorisert revisor. I ein overgangsperiode er det ikkje alle statsautoriserte revisorar som kan drive lovfesta revisjon. Det gjaldt 6665 revisorar per 31.12.2021 og 6368 revisorar per 31.12.2022, som er årsaka til nedgangen i antalet. Revisorar utan rett til å drive lovfesta revisjon er utelatne i tabellen for 2021 og 2022.<sup>5</sup> Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.


Finanstilsynet hadde ved utgangen av 2022 i tillegg kontroll med den finansielle rapporteringa til 298 noterte føretak og tilsyn med 443 verdipapirfond.

# Organisasjonen

Per 31.12.2022



# Årets aktivitetar og resultat



# Årets aktivitetar og resultat

Finanstilsynet samarbeider med andre myndigheter både globalt og innanfor EØS om tilsynet med finansmarknadene og finansføretaka. Det var løpende samarbeid særleg med dei europeiske finanstilsynsmyndighetene for bank-, forsikrings- og verdipapirområdet (EBA, EIOPA og ESMA) i 2022. Det var òg fleire møte i det europeiske rådet for systemrisiko (ESRB) og i tilsynskollegia.

Eit viktig formål med tilsynssamarbeidet på tvers av landegrensene er å kunne identifisere risikofaktorar i føretak og rørsler i den internasjonale finansmarknaden på eit tidleg tidspunkt. Tilsynssamarbeidet gjer det òg mogleg å setje i verk samordna tiltak for å redusere risiko og handtere kriser.

Detaljar kring det internasjonale arbeidet i 2022 er omtalte i rapporten «Internasjonalt samarbeid», som er publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

I tillegg til å følge opp tilsynsoppgåvene brukte Finanstilsynet ressursar på utgreiingar og på regelverksarbeid for Finansdepartementet. Finansdepartementet har delegert kompetanse til Finanstilsynet til å gjennom-

føre kommisjonsdelegerte rettsakter (nivå 2-regelverk). Det omfattar ei stor mengd forordningar.

Sjå òg detaljerte rapportar om dei enkelte tilsynsområda på finanstilsynet.no.

## Rapportering av måloppnåing

I strategien til Finanstilsynet for 2019–2022 og i tildebbrevet frå Finansdepartementet er det formulert seks strategiske delmål, jf. kapittel II. Delmåla er supplerete med prioriterte tiltak og styringsparametrar som belyser tilsynet sine aktivitetar på enkelte område i 2022. Rapporteringa til Finansdepartementet av måloppnåinga er systematisert etter dei nemnde delmåla.

## Delmål 1 Solide og likvide finansføretak

Solide og likvide finansføretak er ein føresetnad for stabiliteten i det finansielle systemet, der føretaka er i stand til å oppfylle pliktene sine overfor kundane og halde i gang viktige samfunnsfunksjonar. Finanstilsynet vurderer risikoen for ustabilitet i det finansielle systemet og bruker verkemiddel for å redusere systemrisiko basert på informasjon frå tilsyn med enkeltføretak og den makroøkonomiske overvakinga. Gjennom konsesjonskrav, kapital- og likviditetskrav og løpende tilsyn bidreg Finanstilsynet til at føretaka har god soliditet og robust finansiering, eigna leiing og fullgod risiko- og verksemddsstyring. I tillegg gir Finanstilsynet råd til politiske myndigheter om soliditets- og likviditetskrav og andre tiltak som bidreg til å redusere risikoen i det finansielle systemet.

Finanstilsynet la i 2022 vekt på å føre tilsyn med at føretaka er solide og likvide og har god styring og kontroll, slik at dei har motstandskraft til å møte negative hendingar. Gjennom stadlege tilsyn er det avdekt at fleire føretak må styrke styring og kontroll i eiga verksamd. Tilsynet utarbeider regelmessig analysar av resultatutviklinga og soliditets- og likviditetssituasjonen i finansføretak (bankar, kredittføretak, forsikringsføretak og pensjonskassar), verdipapirføretak og fondsforvaltarar. Offentlege versjonar av analysane er tilgjengelege på nettstaden til Finanstilsynet.

Finanstilsynet følgjer opp likviditetssituasjonen til finansføretaka og ser mellom anna på om dei rettar seg etter minstekravet til likviditetsbuffer og andre likviditets- og finansieringsindikatorar. Føretaka sine eigne vurderingar av likviditets- og finansieringsrisikoen blir òg gjennomgått i samband med tilsynsvurderinga av risiko og kapitalbehov (SREP) og i samband med stadlege tilsyn.

Etter ei betydeleg svekking av resultata til bankane i 2020, i stor grad som følge av høgare utlånstap og svakare netto renteinntekter etter utbrotet av pandemien, betra lønnsemda til bankane seg i 2021 og 2022. Årsaka til resultatforbetringa var i hovudsak låge utlånstap, påverka av enkelte store tilbakeføringer av tapsavsetjingar i nokre av dei største bankane i 2021 og auka rentenetto i 2022. Ved utgangen av 2022 tilfredsstilte alle bankane dei gjeldande kapitalkrava. Alle forsikrings- og pensjonsføretaka hadde tilfredsstillande solvenskapitaldekning i 2022.

Finanstilsynet har i stor grad gjennomført tilsynsaktivitetar i tråd med planane som blei lagde ved inngangen til året, og har foreslått regelverksendringar som skal støtte opp om dette delmålet.

I 2022 har Finanstilsynet mellom anna

- overvaka risikoen i norsk og internasjonal økonomi og vurdert moglege konsekvensar for norske bankar og andre finansføretak
- gjennomført stressestar av norske bankar

- gjennomført tilsyn i bankar, forsikringsføretak og pensjonskassar og følgt opp fleire føretak der det er avdekt alvorleg svikt i styring og kontroll og/eller svak soliditet. Føretaka er følgje tett opp, og det er fatta vedtak om pålegg om retting, pålegg om endringar i styresamsetjinga og pålegg om høgare kapitalkrav.
- følgt opp den finansielle stillinga til føretaka gjennom innrapporterte tal
- publisert 25 faste rapportar om utviklinga i føretak og marknader
- publisert to halvårlege vurderingar av utsiktene for finansiell stabilitet i «Finansielt utsyn»
- utarbeidd forslag til golv på risikovekter i bankane sine IRB-modellar for utlån med pant i næringseigedom og bustad
- utarbeidd forslag om å halde oppe risikovektene for lån med pant i næringseigedom i standardmetodebankane
- vurdert søknader frå alle bankane som bruker IRB-modellar, om godkjenning av endringar i desse modellane. Konklusjonar er forventa å liggje føre i 2023.
- følgt opp kreditrisikoeksponeringane og tapsavsetningane til føretaka (IFRS 9)
- gjennomført risiko- og kapitalbehovsvurderingar («SREP-ar») og fastsett individuelle kapitalkrav for 42 føretak («pilar 2-krav»). Pilar 2-krava dekkjer risiko-forhold som ikkje, eller berre delvis, er dekte av dei regulatoriske krava i pilar 1. Ytterlegare 17 bankar fekk foreløpige SREP-vurderingar i desember 2022.
- evaluert sin eigen praksis for vurdering av risiko og kapitalbehov og fastsetjing av pilar 2-krav og dessutan oppdatert metodikk og revidert SREP-rundskriv
- utarbeidd høyringsnotat med forslag til endringar i utlånsforskrifta og gjennomført bustadlånundersøking
- følgt opp gjennomføringa i norsk rett av bankpakken (CRR2)

- leidd tilsynskollegia for norske føretak med betydeleg verksemd i utlandet og delteke i tilsynskollegium for utanlandske føretak med betydeleg verksemd i Noreg
- følgt opp livsforsikringsføretaka og skadeforsikringsføretaka si berekning av tekniske avsetninger og dessutan vurdert den dynamiske dødeleghetsstariffen K2013, som blir nytta av pensjonsinnretningane, og vurdert livsforsikringsføretaka sine økonomiske scenariogeneratorar
- følgt opp forsikringsføretak med interne modellar og behandla søknader om godkjenning av modell og endringar i modellar
- vedteke kapitalkravstillegg for tre skadeforsikringsføretak
- delteke i planlegging og gjennomføring av stresstest for pensjonskassar i regi av EIOPA

- pålagt verdipapirføretak med svak kapitaldekning, negativ finansiell utvikling eller dårlig rapporteringskvalitet månadleg rapportering til Finanstilsynet
- avdekt og følgt opp brot på krava til ansvarleg kapital hos eitt forvaltingsselskap og to AIF-forvaltarar

Tilsynet med berekraft og klimarisiko i føretak under tilsyn inneber at klimarisiko er innarbeidd som eit risiko-område i tilsynsmodulane på dei forskjellige risiko-områda, og berekraftsrisiko var tema under alle ordinære tilsyn i bankar og forsikringsføretak i 2022. Finanstilsynet har òg kartlagt klimarisikoen i skadeforsikringsføretak og verdipapirføretaka sine førebuingar til ny lov om berekraft. Ei tilsvarende undersøking hos fondsforvaltarane i 2021 blei følgd opp i 2022. Sjå omtale under punktet Klimarisiko og berekraft / grøn finans på side 35.

Styringsparametrar	Resultatmål 2022 (plantal)	Resultat for 2022 (gjennomført)	Resultat i 2021
Tilsyn i bankar, kredittføretak og finansieringsføretak			
a) ordinære stadlege tilsyn	a) 15	a) 19	a) 16 (inkl. 2 oppfølgingstilsyn olje/offshore)
b) dokumentbaserte tilsyn	b) 5	b) 13	b) 0
c) IRB-tilsyn	c) 5	c) 2	c) 3, av desse: 2 inkl. i a)
Gjennomførte SREP-ar (risiko- og kapitalbehovsvurderinger)	35	42* (i tillegg til 17 foreløpige SREP-vurderingar i desember 2022)	2 gjennomførte SREP-ar 24 foreløpige SREP-ar
Tilsyn med forsikrings- og pensjonsføretak:			
a) ordinære stadlege tilsyn	a) 13	a) 12 (2 livsforsikringsføretak, 8 skadeforsikringsføretak og 2 pensjonskassar)	a) 12 (3 i livsforsikringsføretak, 2 i pensjonskassar 1 i innskotspensjonsføretak 6 i skadeforsikringsføretak)
b) dokumentbaserte tilsyn	b) 1	b) Gjennomført kartlegging av 8 føretak sin bruk av fintech	b) 9 (6 i brannkassar og 3 i skadeforsikringsføretak)
c) tilsyn med føretaka sine modellar for berekning av solvenskapitalkrav	c) 5 (4 i skadeforsikringsføretak og 1 i livsforsikringsføretak)	c) 1 modelltillsyn	c) 1 inkl. i a)

\* I 2021 klarte ikkje Finanstilsynet å ferdigstille alle planlagde SREP-ar. Nye produksjonsløysingar og -prosessar viste seg å bli meir utfordrande å setje i verk, og samtidig påverka pandemien arbeidssituasjonen. SREP for dotterføretak av utanlandske føretak blei dessutan forseinka fordi fellesprosessar i regi av tilsynsmyndigheter i andre land tok lengre tid enn planlagt. Fleire SREP-ar som var næra ved å bli ferdige i 2021, blei ferdigstilt tidleg i 2022.

## Delmål 2 Robust infrastruktur

Robust finansiell infrastruktur er ein avgjerande føresetnad for fullgode system for betalingar, handel, prissetjing og oppgjer i finansmarknaden. Svikt i infrastrukturen kan raskt føre til omfattande stans i kritiske tenester og kan dermed få alvorlege konsekvensar for samfunnet. Låg risiko for systemsvikt og god beredskap for rask gjenopprettning ved svikt er derfor svært viktig. Gjennom konsesjonskrav og tilsyn med finansføretak, verdipapirføretak og infrastrukturføretak bidreg Finanstilsynet til at føretaka har tilfredsstillande styring og kontroll av IKT-risiko og annan operasjonell risiko.

Overvaking av potensielle truslar mot IT-systema til verksemder har framleis vore ei prioritert oppgåve, og det har vore løpende samarbeid med ulike myndigheitsorgan for å vareta sikkerheita i den finansielle infrastrukturen. Finanstilsynet vurderer sårbarheter i føretaka sine forsvarsverk mot digital kriminalitet som den mest sentrale trusselen mot IT-bruken i føretaka, men risikoen knytt til IT-drift og tilgangsstyring og risikoen for informasjonslekkasje er òg sentrale truslar.

I 2022 følgde Finanstilsynet nøye med på kva for effektar Russlands invasjon i Ukraina kunne ha på den finansielle infrastrukturen og marknadene generelt. Tilsynet har hatt auka merksemd på føretaka si verksemderstyring og handtering av cyberrisiko. Finanstilsynet brukte òg mykje ressursar på å følgje opp den påfølgjande krisa i energimarknaden og betydninga for kraftderivat. Høge priser, clearing og utfordringar med krav til marginsikkerhetsstilling har vore krevjande for marknadsaktørane.

I samband med krigen i Ukraina har Finanstilsynet og Beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI) retta særleg merksemd mot verksemder som støttar viktige funksjonar, inkludert kritiske samfunnsfunksjonar definerte av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Det blei halde tre ekstraordinære møte i BFI for å følgje opp dei sentrale føretaka i den norske finansielle infrastrukturen og korleis dei sørger for sikker og stabil drift. Desse føretaka har gjennomgåande gode beredskapsplanar og skal raskt kunne setje i verk nødvendige tiltak.

Det blei rapportert 284 hendingar i 2022, fordelt på 19 sikkerheitshendingar og 265 operasjonelle hendingar. Av dei 19 sikkerheitshendingane var det eitt føretak som rapporterte om at sårbarheita i loggverktøyet Log4j, som blei kjend i desember 2021, var utnytta til å få tilgang til ein av føretaket sine serverar som var eksponerte mot internett. Føretaket fann ingen spor av at tilgangen var utnytta før servaren blei stengd ned. I mars var det eit tenestenektangrep (DDoS-angrep) mot Nordea som hindra tilgangen til banktenestene store delar av dagen. Dette blei følgjt nøye. Det blei òg eit tenestenektangrep mot fleire norske verksemder, inkludert enkelte finansføretak, sommaren 2022. Angrepa fekk berre avgrensa

konsekvensar. Finansdepartementet blei i 2022 orientert om sju hendingar.

Finanstilsynet meiner at tilsynet har bidrege til robust infrastruktur gjennom tiltaka og aktivitetane som blei gjennomførte i 2022. Finanstilsynet har mellom anna

- gjennomført tilsyn av IKT-verksemda til føretaka, deriblant i Oslo Børs om beredskapsplanar og i DNB om IKT-sikkerheit
- analysert herdingsdataa og halde årlege oppfølgingsmøte med dei største føretaka
- behandla ferdig VPS (Euronext Securities Oslo, ESO) sin søknad om løyve etter CSDR og følgt opp iverksetjinga av reglar og plikter etter CSDR overfor relevante aktørar
- delteke i tilsynskollegia til Euronext, Nasdaq og sentrale motpartar og dessutan planlagt leiinga av Euronext tilsynskollegium i første halvår 2023
- hatt tett samarbeid med andre nordiske tilsynsmyndigheter og ESMA knytt til ekstrem prisvolatilitet i marknaden for kraftderivat og konsekvensane for marginkrava ved clearing av kontraktane
- behandla melding frå føretaka om ny eller endra utkontraktering av kritisk eller viktig IKT-verksemd og ny eller endra betalingsteneste
- gjort ti dokumentbaserte IKT-tilsyn med eigedommeklarføretak
- følgt opp IKT-hendingar og sett til at føretaka utarbeide endelege herdingsrapportar
- oppsummert arbeidet med IKT-sikkerheit i finanssektoren og korleis enkeltføretak og bransjen følgjer regelverket, i Finanstilsynets årlege risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)
- følgt utviklinga på trusselområde, mellom anna cyberkriminalitet, og delteke i Nasjonalt cybertryggingsenter (NCSC)

- |  |  |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• vidareført samarbeidet med Noregs Bank om rammeverk for sikkerheitstesting av kritiske funksjonar i den finansielle sektoren i Noreg (TIBER-NO)</li> <li>• vareteke rolla som sektorvist responsmiljø (SRM) i samarbeid med Nordic Financial CERT (NFCERT)</li> <li>• følgt opp stabilisering av BankID-drifta etter skifte av driftsleverandør i 2021</li> <li>• gitt rettleiing om og lagt til rette for bruk av ny teknologi i produksjonen av finansielle tenester, inkludert i «open banking» og i finansføretaka si etterleving av PSD 2</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• bidrige i dei europeiske finanstilsynsmyndighetene sitt arbeid med å revidere PSD 2 og i arbeid knytt til forordning om digital operasjonell motstandskraft (DORA)</li> <li>• utarbeidd risiko- og sårbarheitsvurdering av finanssektoren sin IKT-bruk</li> </ul> |
|--|--|

<b>Styringsparametrar</b>	<b>Resultatmål 2022 (plantal)</b>	<b>Resultat for 2022 (gjennomført)</b>	<b>Resultat i 2021</b>
Tilsyn med bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak i føretaka	28	22 tilsyn*: 9 i bankar 2 i forsikringsføretak 2 i betalingsføretak 1 i infrastrukturføretak 3 i verdipapirføretak 2 i revisjonsføretak 1 i fondsselskap 1 i inkassoføretak 1 i eigedomsmeklarføretak	22 tilsyn: 9 i bankar 2 i forsikringsføretak 3 i betalingsføretak 1 i infrastrukturføretak 2 i revisjonsføretak 1 i fondsselskap 3 i gjeldsinformasjonsføretak
IKT-hendingar som er følgde opp		284 IKT-hendingar: 19 sikkerheitshendingar 265 operasjonelle hendingar	299 IKT-hendingar: 20 sikkerheitshendingar 279 operasjonelle hendingar
Tilsyn med betalingsføretak	3	2	1
Tilsyn med infrastrukturføretak	1	1	1 tilsyn, om opptaksprosessen til Euronext Growth. Tilsynsrapport blei send til føretaket 21. desember 2021. Endeleg rapport som også inkluderte tilsyn med verdipapirføretak og revisorar, blei publisert 24. januar 2022.

\*Det var færre tilsyn med bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak i føretaka enn planlagt. Årsaka er både færre ressursar og andre oppgåver, mellom anna som følgje av krigen i Ukraina, som medførte endra prioriteringar med konsekvensar for tilsynskapasiteten. Fem av dei planlagde tilsyna blei varsle i 2022, men blir først gjennomførte i 2023.

## Delmål 3 Investorvern

Påliteleg og nok informasjon er nødvendig for å sikre at verdipapirmarknadene kan bidra til god allokering og prising av kapital. Finanstilsynet bidreg til at løpende og periodisk informasjon frå noterte føretak er rettvisande og rettidig og at prospekta til føretaka er utforma i tråd med krava. Finanstilsynet bidreg vidare til at føring og revisjon av årsrekneskapane held ein tilfredsstillande kvalitet. Gjennom tilsyn med verdipapirføretak og effektiv og rask handheving av åtferdsreglane i verdipapirmarknaden bidreg Finanstilsynet til marknadsdisiplin og god varetaking av interesse til investorar og utferdarar.

Etter svært høg aktivitet med nynoteringar og emisjonsvolum i 2020 og 2021 var aktivitetsnivået i 2022 tilbake til eit normalnivå på linje med åra før 2020. Fleire selskap på Euronext Growth søkte overføring til regulert marknad. Det meste av emisjonane skjer i form av retta emisjonar, der risikoen aukar for at aksjonærane ikkje blir behandla likt. Dette er noko Finanstilsynet følgjer opp.

Finanstilsynet bidrog aktivt til godt investorvern i 2022 gjennom informasjonstiltak, løpende tilsyn med verdipapirmarknaden og finansiell rapportering.

I 2022 har Finanstilsynet mellom anna

- delteke i ESMA:s felleseuropæiske tilsynsundersøking (CSA) om verdsetjing av aktiva i fond
- kontrollert ca. 18 årsrekneskapar frå børsnoterte føretak, inkludert ni bankar, med vekt på mellom anna konsekvensar av pandemien, klima, opplysningar om finansielle instrument og leigeavtalar
- fullført undersøkinga om revisjonsutval og publisert ein rapport som beskriv korleis føretaka har følgt krava til revisjonsutval

- gjennomført tematilsyn med utvalde føretak si rapportering av klimarelaterete forhold i årsrapporten for 2021 og revisor sitt arbeid knytt til dette
- gjennomført tilsyn med PWC i samarbeid med det amerikanske revisortilsynet (PCAOB)
- gjennomført tematilsyn med 15 revisorar og 15 rekneskapsførarar sine attestasjoner knytte til kompensasjonsordningane til næringslivet som følgje av pandemien
- følgt opp innrapporterte forhold om mistenklede marknadsåtfred frå marknadsplassar og verdipapirføretak, såkalla STORs («Suspicious Transaction and Order Reports»), og gjennomført tilsyn med enkelte av verdipapirføretaka sine rutinar for slik rapportering
- utvikla ei overvakingsløysing over primærinnsidalar og nærståande
- vidareutvikla overvakingsløysingane for flaggeplikt og marknadsmisbruk

<b>Styringsparametrar</b>	<b>Resultatmål 2022 (plantal)</b>	<b>Resultat for 2022 (gjennomført)</b>	<b>Resultat i 2021</b>
Antal brot på rapportering av shortsal som er følgde opp	Forventar ingen større avvik frå siste tre års gjennomsnitt	8	34
Antal brot på meldeplikt ved verdipapirhandel som er følgde opp	Forventar ingen større avvik frå siste tre års gjennomsnitt	39	52
Antal brot på flaggeplikt som er følgde opp	Forventar ingen større avvik frå siste tre års gjennomsnitt	29	60
Kontrollerte rekneskapar	20	18	14
Kontrollerte prospekt	114	105	107
Tilsyn med revisjonsføretak	40	25	31 (22 stadlege og 9 dokumentbaserte tilsyn)
Tilsyn med rekneskapsførarar	40	44	40 (25 stadlege og 15 dokumentbaserte tilsyn)

## Delmål 4 Forbrukarvern

Godt forbrukarvern er viktig for den enkelte forbrukaren og for tilliten til aktørane i finansmarknaden. Tenestetilbydarane skal vareta interessene til kundane og ta omsyn til kundane sine føresetnader for å forstå eigenskapane knytte til produkta. Finanstilsynet varetak forbrukarvernet gjennom tilsyn med at føretaka tilbyr og formidlar lån, forsikrings- og pensjonsprodukt, fondsprodukt og andre finansielle instrument og eide dom på ein forsvarleg måte. Også tilsynet med inkassoføretaka styrker forbrukarvernet. Oppfølging av soliditets- og sikkerheitskrav bidreg til tryggleik for at produktleverandørane kan oppfylle pliktene overfor kundane.

Lovkravet til forbrukarvern og handtering av interessekonfliktar står sentralt i tilsynet med verdipapirføretaka, forvaltingsselskapa og finansføretaka. Føretaka skal opprette ærleg, heiderleg og profesjonelt i tråd med kundane sine beste interesser og sjå til at integriteten til marknaden blir vareteken på beste måte. Regelverk og tilsyn skal også bidra til at føretaka har god nok internkontroll og eit bevisst forhold til risiko. I tilsynet med forvaltarar av alternative investeringsfond prioriterer Finanstilsynet forvaltarar av fond som rettar seg mot ikkje-profesjonelle investorar.

Forbrukarane er avhengige av god informasjon, og Finanstilsynet svarte på mange førespurnader frå forbrukarane i 2022.

For å bidra til vern av forbrukarane og kundane har Finanstilsynet i 2022 mellom anna

- følgt opp at føretaka rettar seg etter god forretnings-skikk i sals- og rådgivningsverksemda
- gjennomført tilsyn i to bankar som satsar på såkalla omstartslån til sårbarle låntakarar, og utarbeidd like-lydande brev til bankar som opererer i dette segmentet
- kartlagt distribusjonskanalane til verdipapirføretaka/filialane og produkta dei har selt i 2021
- undersøkt prisutviklinga i verdipapirfond og arbeidd med saker knytte til nye prismodellar, betaling for distribusjon, rabattavtalar og inntektsdeling
- starta åtte tilsyn med verdipapirføretak og avslutta 16 tilsyn som tok til i 2021
- utarbeidd høyringsnotat med forslag om forbod mot returprovisjon
- gjennomført tilsyn i eitt livsforsikringsføretak med kundevern som tema
- gjennomgått produkt- og tariffmeldingar frå pensjons-innretningane med vekt på kundevernperspektivet

- utført nye oppgåver som følgje av at den nye forsikringsformidlingslova er tredd i kraft, og sett til at forsikringsformidlingsføretaka rettar seg etter krava som skal bidra til å sikre at interessene til kundane blir varetekne
- følgt opp korleis eideomsmeklingsbransjen etterlever dei nye reglane i avhendingslova
- gjennomført tilsyn i fem inkassoføretak
- avslutta tematilsyn om rutinar for «telefoninkasso» og utarbeidd rundskriv med retningslinjer på bakgrunn av dette
- starta opp tematilsyn om inkassoføretaka sine rutinar overfor oppdragsgivarar som utfører eigeninkasso før misleghaldne krav blir sende til inkassator
- publisert rapporten «Forbrukervern og finansielle tjenester», som sett søkjelys på tema og område der forbrukaromsyn gjer seg særleg gjeldande
- gjennomført eit webinar for «finfluensarar» (påverkarar som marknadsfører og omtaler finansielle produkt i sosiale medium) i samarbeid med Forbrukartilsynet. Formålet var å styrke kunnskapen om regelverket som gjeld for desse aktørane, som i sin tur skal vareta forbrukarvernet.
- gripe inn mot fleire tilfelle av ulovleg låneformidling på Facebook

<b>Styringsparametrar</b>	<b>Resultatmål 2022 (plantal)</b>	<b>Resultat i 2022 (gjennomført)</b>	<b>Resultat i 2021</b>
Tilsyn i finansføretak der ein vesentleg del av tilsynet omhandlar forbrukarvernrelaterte tema	a) 2 i livsforsikringsføretak b) 1 i bank	1 b) 1	1
Tilsyn med verdipapirføretak	Starte 11 tilsyn	8	17
Tilsyn med forvaltingsselskap for verdipapirfond, inkludert AIF-forvaltarar	4	5	5
Tilsyn med forsikringsformidlarar	1	0	2
Tilsyn med eigedomsmeklingsføretak	10	14	15
Tilsyn med inkassoføretak	10	6	6
Tilsyn med gjeldsinformasjonsføretak	0	0	3

## Delmål 5 Effektiv krisehandtering

Beredskap til å kunne handtere kritiske situasjoner er viktig for tilliten til det finansielle systemet. Finanstilsynet har beredskap for å handtere kriser i så vel enkeltføretak som marknader, slik at farene for omfattende og varige skadeverknader for finanssektoren og kundane blir redusert. Krav til at bankar og verdipapirføretak utarbeider gjenopprettingsplanar og at Finanstilsynet utarbeider krisehandteringsplanar, vil bidra til at kritiske forhold blir handterte på ein tilfredsstillande måte. Beredskap for å kunne gi rask og relevant informasjon til allmenta er òg ein sentral del av kriseberedskapen.

For å bidra til god kriseberedskap og effektiv krisehandtering i 2022 har Finanstilsynet mellom anna

- utarbeidd føretaksspesifikke krisetiltaksplanar, fastsett minstekrav til summen av ansvarleg kapital og konvertibel gjeld og vurdert krisehandterbarheit for 13 store og mellomstore bankar
- utvikla metodikk for utarbeiding av krisetiltaksplan og minstekrav til summen av ansvarleg kapital og konvertibel gjeld (MREL)
- leidd krisehandteringskollegiet for DNB og delteke i tilsvarende kollegium for seks utanlandske bankar med filial eller døtterføretak i Noreg
- vurdert gjenopprettingsplanen til DNB og vore med i tilsvarende vurderinger i tilsynskollegium for fire utanlandske bankar med filial eller døtterføretak i Noreg
- vurdert gjenopprettingsplanen til Kommunalbanken og Sparebanken Sør
- arbeidd med å etablere samarbeidsavtale med Bankenes sikringsfond

- arbeidd med å forbetre krisehandterbarheit til norske bankar gjennom oppfølging av EBAs «resolvability guidelines»
- følgt opp arbeidet med å avvikle Optin Bank ASA under offentleg administrasjon
- godkjent Bankenes sikringsfond sin modell for fordeling av bidrag til innskotsgarantifondet
- delteke i relevant internasjonalt samarbeid innanfor krisehandtering
- delteke på øvinga Cyber 2022, inkludert forarbeid og evalueringssarbeid etter øvinga
- leidd beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI), der det ble gjennomført tre ordinære møte, tre ekstraordinære møte og ei årleg øving

Styringsparametrar	Resultatmål 2022 (plantal)	Resultat for 2022 (gjennomført)	Resultat i 2021
Krisetiltaksplanar som er fastsette av Finanstilsynet	15	13 <sup>1</sup>	15 <sup>2</sup>
Gjenopprettingsplanar som er vurderte av Finanstilsynet	22	7	19
Fastsette MREL-krav	15	13	15

<sup>1</sup> Ikke fastsett kriseplan eller fatta MREL-vedtak (minstekrav til summen av ansvarleg kapital og konvertibel gjeld) for Sbanken og Bank Norwegian på grunn av igangverande fusjonsprosesser. Santander Consumer Bank: Vedtak er i form av bidrag til fellesavgjerd med den europeiske krisehandteringsmyndigheita (Single Resolution Board, SRB).

<sup>2</sup> Det blei rapportert 13 krisetiltaksplanar i 2021. Det korrekte talet for 2021 skulle ha vore 15.

## Delmål 6 Kampen mot kriminalitet

Finanssektoren skal sjølv førebyggje at finansføretak og andre aktørar blir utnytta i kriminelle aktivitetar. Finanstilsynet fører tilsyn med at føretaka etterlever pliktene i regelverket for kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering. Ulovleg verksemd svekkjer tilliten til finansmarknadene og representerer urimeleg konkurransen for føretak som driv verksemd innanfor regelverket. Tilsynsverksemda bidreg til å førebyggje ulovleg verksemd, og lovbrot som blir avdekte i føretak under tilsyn, blir følgde opp. Ved mistankar om alvorleg økonomisk kriminalitet blir forholdet meldt til politiet. Finanstilsynet sitt arbeid for fullgod revisjon og rekneskapsføring bidreg òg til å førebyggje og avdekke økonomisk kriminalitet.

Føretaka som er underlagde kvitvaskingsregelverket, bidreg i stor grad til å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering. Dei seinare åra er det avdekt svakeheter i etterlevinga av kvitvaskingsregelverket i mange store bankar internasjonalt. Finanstilsynet har, til liks med andre europeiske tilsynsmyndigheter, trappa opp aktiviteten på dette området. Tilsynserfaringar viser at fleire føretak har auka innsatsen mot kvitvasking og terrorfinansiering betydeleg, men tilsyn har òg avdekt at etterlevinga av kvitvaskingsregelverket framleis er mangelfull i mange tilfelle. På fleire tilsynsområde har Finanstilsynet peikt på manglande risikoforståing, for liten kapasitet til å følgje opp risikoar og for dårlige rutinar for antikvitvaskingsarbeidet.

I 2022 fekk tre bankar, to revisjonsføretak, fem rekneskapsførarar og fire egedomsmeklingsføretak lovbrotsgreby for manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket. To bankar betaler løpende tvangsmult på grunn av manglande oppfylling av pålegg om retting.

I 2021–2022 gjennomførte EBA ei evaluering av Finanstilsynet sitt kvitvaskingsstilsyn med bankar. EBA peikte i evalueringa si på mellom anna ressurssituasjonen til Finanstilsynet i arbeidet mot kvitvasking og terrorfinansiering. EBA sine tilrådingar og vurderingar blei følgde opp i 2022 og vil bli følgde opp vidare. I 2021–2022 var Finanstilsynet òg med i eit IMF-prosjekt som vurderer antikvitvaskingsstilsyn i Norden og Baltikum. Ein rapport blir truleg ferdig i 2023.

I tilsynet med etterlevinga av kvitvaskingsreglane har Finanstilsynet i 2022 mellom anna

- gjennomført fem kvitvaskingsstilsyn i bankar
- gjennomført tilsyn med utvalde krav relatert til korleis bankane etterlever reglane i kvitvaskingslova om kundetiltak, løpende oppfølging og rutinar i alle bankar
- gjennomført tilsyn med etterlevinga av regelverket i samband med screening av sanksjonar i 20 bankar
- følgt opp manglande legitimering av kundar i ein stor bank

- vidareutvikla risikoklassifiseringsmetodane for AIF-forvaltarar
- gjennomført ei undersøking av alle norske verdipapirføretak som ikke er bankar, knytt til etterleving av kvitvaskingsregelverket. Undersøkinga blei følgd opp med tematilsyn hos 17 utvalde føretak.
- publisert ei ny rettleiing til kvitvaskingslova (rundskriv 4/2022)
- bidrige i revisjonen av frysrettleiinga
- gjennomført tilsyn med etterlevinga av kvitvaskingsregelverket i ti egedomsmeklingsføretak
- publisert ein rapport som samanfatta funn frå ei kartleggingsundersøking retta mot advokatmeklarar og egedomsmeklingsføretak om transaksjonskontroll på klientkonto
- gjennomført tematilsyn med korleis fondsforvaltarane etterlever kvitvaskingsregelverket
- følgt opp signal om at kundane til revisorar eller rekneskapsførarar driv med kriminell verksemd
- delteke i nasjonalt samarbeid i kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering, har mellom anna delteke i styringsgruppa i offentleg-privat samarbeid mot kvitvasking og terrorfinansiering (OPS AT), som blei etablert av Finans Norge i 2021
- delteke i internasjonalt samarbeid om tilsyn med tiltak mot kvitvasking i finanssektoren, mellom anna i fleire tilsynskollegium for å følgje opp enkeltføretak
- gjennomført eitt tilsyn med ein registrert tilbydar av virtuelle valutatenester
- vedteke å kalle tilbake konsesjon som betalingsføretak for to føretak som yter betalingstenesta «pengeoverføringer»

- hjelpt til med gjennomføringa av EUs sanksjonspakkar mot Russland

Ulovleg verksemd svekkjer tilliten til finansmarknadene og undergrev verksemda for føretak som opererer innanfor regelverket. Det er likevel grenser for kor mykje ressursar Finanstilsynet kan bruke på å følgje opp ulovleg verksemd.

Som ledd i oppfølginga av ulovleg verksemd har Finanstilsynet mellom anna

- gitt to pålegg om stans av ulovleg rekneskapsførarverksemd. Åtte føretak fekk brev der Finanstilsynet gjorde dei merksame på krava til autorisasjon, og på at verksemd i strid med desse, må stanse.

- undersøkt ni føretak som marknadsførte investeringsstenester utan å ha nødvendig konsesjon. Føretaka har fått individuelle åtvaringer, og/eller det er blitt publisert marknadsåtvaringer mot dei på nettstaden til Finanstilsynet.

- behandla fleire enkeltsaker om ulovlege innretningar som må reknast som alternative investeringsfond

Finanstilsynet har samarbeidd med andre myndigheter om fleire enkeltsaker, særleg med Økokrim, fleire politidistrikt, Tolletaten, Kripo og Skatteetaten og med etatane som inngår i Kontaktforum og Betalingstjenesteforum.

Styringsparametrar	Resultatmål 2022 (plantal)	Resultat for 2022 (gjennomført)	Resultat 2021
Kvitvaskingstilsyn i bankar	7	5 stadlege tilsyn i bankar  1 dokumentbasert tilsyn i alle bankar	5 stadlege tilsyn i bankar  2 dokumentbaserte tilsyn i totalt 54 bankar
Kvitvaskingstilsyn i andre typar rapporteringspliktige føretak  (Fleire av desse tilsyna er òg talde med under andre delmål.)	Kvitvaskingstilsyn i 84 føretak i tillegg til kartleggingar og undersøkingar	17 i verdipapirføretak 10 i egedomsmeklingsføretak 2 i betalingsføretak 1 i e-pengeføretak 1 hos tenestetilbydarar av virtuell valuta 9 i revisjonsføretak 25 i rekneskapsførarføretak 7 i forsikringsføretak	80 tilsyn: 10 i egedomsmeklingsføretak (inkl. 1 tematilsyn) 2 i betalingsføretak 1 hos tenestetilbydar av virtuell valuta 0 i verdipapirføretak 1 kvitvaskingstilsyn i forsikring I tillegg var kvitvassing dekt i 10 tilsyn. (6 i skadeforsikringsføretak + 2 i livsforsikringsføretak + 2 i forsikringsformidlingsføretak) 31 i revisjonsføretak 25 i rekneskapsførarføretak
Signal om ulovleg verksemd som er følgde opp	Ikkje mogleg å talfeste	9 saker om yting av investeringstenester  2 saker om ulovleg låneformidling  1 sak om virtuell valuta  2 saker om ulovleg rekneskapsførarverksemd	2 saker om virtuell valuta  3 saker om betalingsføretak  25 saker om ulovleg yting av investeringstenester  11 saker om egedomsmekling  1 sak om inkassoverksemd
Saker knytte til mistenkjeleg marknadsåtfred som er undersøkte	Ikkje mogleg å talfeste	324	302

# Andre aktivitetar

## Klimarisko og berekraft / grøn finans

Det er behov for kunnskap om korleis klimaendringane påverkar finansmarknadene, og om korleis klimarelatert risiko kan påverke den finansielle stabiliteten. I tråd med tildelingsbrevet har Finanstilsynet følgt opp internasjonalt samarbeid innanfor området, spesielt arbeidet med regelverksutvikling, rettleiding og tilsynspraksis i EU, og dessutan arbeidet i Network for Greening the Financial System.

I 2022 kartla Finanstilsynet mellom anna korleis verdi-papirføretaka førebudde den nye lova om berekraftig finans. Kartlegginga av førebuingane til fondsforvaltane i samband med berekraftig finans i 2021 blei følgd opp i 2022, med interne vurderingar av enkelte problemstillingar. Vidare blei det gjennomført tematilsyn med utvalde noterte føretak si rapportering av klimarelaterte forhold i årsrapporten for 2021 og revisor sitt arbeid knytt til dette. Det er publisert ein eigen rapport med utfyllande beskrivningar av resultata.

Berekraft og såkalla ESG-risiko var tema på dei fleste tilsyna i bankar i 2022. Finanstilsynet legg vekt på at bankane vurderer korleis klimarisko kan påverke risikoen og kapitalbehovet deira, og korleis det å vere merksam på klimariskoen kan påverke tilgangen på finansiering. I tilknyting til tematilsyn på næringseigedom i sju bankar fekk klimarisko og energimerking særleg merksemd. Ein rapport frå dette tematilsynet skal publiseras i 2023.

Når det gjeld livsforsikringsføretak og pensjonskassar, er ekspонeringa mot klimarisko i hovudsak knytt til kapitalforvaltinga. Temaet klimarisko blei dekt i alle ordinære tilsyn i forsikringsføretaka.

Finanstilsynet har dei siste åra hatt møte om klimarisko med mange skadeforsikringsføretak, og i 2022 hadde tilsynet møte med åtte føretak. Formålet med møta var å kartlegge korleis klimaendringar kan påverke risikoen til skadeforsikringsføretaka, og korleis dei styrer denne risikoen.

Finanstilsynet har forventingar til korleis føretaka skal handtere klimariskoen, både den fysiske risikoen og overgangsriskoen, noko risikomodulen for evaluering av styring og kontroll i føretaka speglar. Føretaka vurderer òg klimariskoen i den årlege rapporten om eigen-vurdering av risiko og solvens (ORSA) som blir send til Finanstilsynet.

Både for bankar og forsikringsføretak har Finanstilsynet peikt på risikoen for grønvasking, eit tema som får stadig meir merksemd både i Noreg og internasjonalt.

## Arbeidet med regulatorisk sandkasse

Finanstilsynet driftar ein regulatorisk sandkasse for fintech-verksemder som ein del av eit breiare informasjons- og rettleatingsinitiativ. Sidan etableringa av den regulatoriske sandkassen i 2019 har Finanstilsynet fått 19 søknader om opptak. Fire prosjekt er tekne opp i sandkassen, og tre av dei er avslutta. Prosjektplanar og sluttrapportar er publiserte på nettstaden til Finanstilsynet.

Den tidlegare ordninga med puljevist opptak blei i 2022 erstatta av løpende opptak, som inneber at Finanstilsynet behandlar søknader fortløpende. Det kom tre søknader om opptak i den regulatoriske sandkassen i 2022.

Ein av søkerane, R8Me AS, blei teken opp i den regulatoriske sandkassen 28. februar 2022, og det blei mellom anna gjennomført fire arbeidsmøte med føretaket i løpet av året. Føretaket skal utvikle ei løysing for automatisert måling av berekraft. Løysinga vil vere retta mot små og mellomstore bedrifter og tek utgangspunkt i eit sett med definerte måleindikatorar. Metoden skal i størst mogleg grad nytte tilgjengelege data frå etablerte system og register. EU-taksonomi skal vere basis for prosjektet. Prosjektet vil bli sluttført i første kvartal 2023.

Finanstilsynet og Datatilsynet har samarbeidd i to sandkasseprosjekt knytte til antikvitvasking og terrorfinansiering. Finanstilsynet har kvartalsvise koordineringsmøte med dei regulatoriske sandkassane i Arkivverket, Digitaliseringsdirektoratet og Datatilsynet. Det blei arrangert eit felles erfaringsseminar 28. april med deltarar frå både politisk nivå og frå føretak som har delteke i sandkassar.

Finanstilsynet hadde i 2022 kontakt med den norske teknologiinkubatoren Startuplab og deltok mellom anna på eit arrangement for fintech-føretak 11. mai. På ulike møte har føretak presentert forretningsideane sine for Finanstilsynet. Slike møte bidreg til å auke Finanstilsynet si forståing av nye teknologiske løysingar i finansmarknaden.

Finanstilsynet deltok i 2022 på møte i European Forum for Innovation Facilitators (EIFF), der alle nasjonale finanstilsynsmyndigheter i EØS-området er med. Formålet er mellom anna å utveksle erfaringar frå arbeidet med regulatoriske sandkassar og såkalla innovasjonsnav og å bidra til felles regulatorisk behandling av innovative produkt, tenester og forretningsmodellar.

# Styring og kontroll i verksemda



# Styring og kontroll i verksemda

## Styringsstruktur

Styret i Finanstilsynet, som Finansdepartementet oppnemner for fire år om gongen, har det overordna ansvaret for verksemda. Finanstilsynsdirektøren, som er tilsett i ei åremålsstilling på seks år, med høve til å halde fram i seks år til, står for den daglege leiinga.

Finanstilsynet er delt inn i tre tilsynsavdelingar og éi administrasjonsavdeling. Kvar avdeling blir leidd av ein avdelingsdirektør. Avdelingane er delte inn i seksjonar, og kvar seksjon blir leidd av ein seksjonssjef. Den juridiske direktøren, kontrollaren og personvernombodet er plasserte i staben til direktøren. Ein eigen kommunikasjonsstab har ansvaret for eksternt og intern kommunikasjon.

Verksemda til Finanstilsynet er regulert gjennom finanstilsynslova og gjennom særlovgiving på dei ulike tilsynsområda. Kvart fjerde år utarbeider tilsynet ein strategi for verksemda. Saman med tildelingsbrevet og andre oppdrag frå Finansdepartementet er strategien grunnlaget for dei årlege planane for verksemda. Styret vedtok strategien for 2019–2022 i desember 2018, og i januar 2023 blei ein ny strategi for perioden 2023–2026 vedteken. Planane for verksemda er grunnlaget for den daglege styringa og for rapporteringa til styret.

Tildelingsbrevet er det sentrale styringsdokumentet i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Finanstilsynet. Etter første og andre tertial rapporterer Finanstilsynet om kva for aktivitetar som er gjennomførte, og om andre saker i tråd med bestillinga i tildelingsbrevet. Denne rapporteringa er ein del av grunnlaget for departementet si evaluering av måloppnåinga til Finanstilsynet. Tilsynet rapporterer i tillegg årleg gjennom årsrapporten. Årsrapporteringa består av rapportar frå dei ulike tilsynsområda, som blei publiserte på nettstaden til Finanstilsynet i februar 2023, og ein kortare årsrapport etter krava i føresegndene om økonomistyring i staten.

Styret har møte kvar månad bortsett frå juli og behandlar mellom anna viktige tilsynssaker, som regelverksforslag, prinsipielle saker og utvalde saker om tildeling og inndragning av løyve, budsjett og planar for verksemda. Styret får jamleg rapportar om verksemda. Styreleiaren deltok i tre møte med Finansdepartementet i 2022. I tillegg blei Finansdepartementet invitert til å halde innlegg på eit seminar for styret på hausten. Styreleiaren blei òg invitert til eit møte med lovutvalet for den nye finanstilsynslova.

I mai besøkte finansministeren Finanstilsynet. Temaet for møtet var rolla til Finanstilsynet, det felleseuropæiske samarbeidet på finansområdet og utfordringar i finansmarknadene.

Finanstilsynet legg risikovurderingar til grunn for tilsynsarbeidet på alle område og utarbeider også årlege risikoonalyasar for eiga verksemd. Desse analysane blir forankra i styret gjennom behandlinga av planen for verksemda.

Finanstilsynet er underlagt årleg revisjon frå Riksrevisjonen. Sjå kapittel VI Årsrekneskap.

## Effektiv drift og organisasjonsutvikling

### Effektivisering og digitalisering

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg og systematisk med å identifisere og setje i verk tiltak som kan forbetra, effektivisere og digitalisere tilsynsmetodar, arbeidsprosessar og saksbehandling. Dette arbeidet heldt fram i 2022.

Finanstilsynet legg vekt på at arbeidet med digitalisering skal ha ei klar retning og tydelege mål, i tråd med den fastsette digitaliseringsstrategien 2020–2022 og statlege føringar i digitaliseringsrundskrivet og digitaliseringsstrategien for offentleg sektor for 2019–2025. Tilsynet nyttar ein smidig utviklingsmetodikk med hyppige leveransar og systematisk oppfølging gjennom ein fastsett struktur for porteføljestyring.

Finanstilsynet har over lengre tid utvikla IT-system for å etterleve nye og omfattande felleseuropæiske regelverk og for å effektivisere og forbetra tilsynsverksemda. Finanstilsynet har arbeidd med å utvikle effektive rapporterings- og analyseløysingar i integrasjon med fagsystema til Finanstilsynet.

Digitaliseringsprosjektet 2022–2026 tok til 1. januar 2022. Prosjektet omfattar fem hovudområde: automatisering av forvaltingsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering og datafangst, betre analyseløysingar og meir datadeling. Prosjektet skal auke omfanget av og tempoet i digitaliseringa i Finanstilsynet, og har òg ei separat rapportering til Finansdepartementet.

Robotisert prosessautomatisering (RPA) er ein teknologi som er relativt lite ressurskrevjande, og som kan gi raske leveransar og gevinstar. Ein av prosessane som blei automatiserte i 2022, er behandlinga av opphøyr av konsesjonar for revisorar, revisjonsføretak, rekneskapsførarar og rekneskapsføretak (slettemeldingar). Finanstilsynet får i underkant av 500 slike slettemeldingar per år, og den automatiserte prosessen gir gevinstar i form av vesentleg raskare saksbehandlingstid.

I tilsyn med verdipapirføretak blir det nytta store mengder lydfiler, primært samtalar mellom verdipapirføretak og kunde, som utgjer ein del av dokumentasjonsgrunnlaget. Etter implementeringa av eit transkriberingsverktøy hausten 2022 blir alle lydfiler transkriberte til tekst. Løysinga gir òg vesentleg ny funksjonalitet mellom anna i form av betre navigasjon, søkjefunksjonalitet og høve til å filtrere, kommentere og tagge. Dermed vil ein truleg spare mykje tid når tilsynet skal gjennomførast.

Finanstilsynet bruker Altinn til mange innrapporteringar og har eit løpende behov for å utvikle nye skjema og tilpassa eksisterande skjema i takt med endringar i regelverket og nye behov. Dette har forenkla og effektivisert arbeidet for både Finanstilsynet og verksemdene som er under tilsyn. I 2022 begynte Finanstilsynet arbeidet med å konvertere dei om lag 140 Altinn-skjema frå Altinn 2-plattforma til Altinn 3-plattforma. Det er venta at overgangen til Altinn 3 vil gi gevinstar for rapporterande føretak i form av mellom anna mindre tidsbruk og betre løysingar for å avdekke feil.

I arbeidet med betre analyseløysingar blei det våren 2022 bestemt å teste ut bruk av skytenester. Arbeidet har gitt nyttig kompetanse og eit betre grunnlag for å velje framtidig analyseplattform. Auka kompetanse innanfor bruk av skytenester, kostnadsoptimalisering og sikkerheit har òg gitt gevinstar i anna digitaliseringsarbeid i Finanstilsynet, inkludert arbeidet med ny IT-arkitektur.

Hausten 2022 blei bustadlånsundersøkinga publisert på finanstilsynet.no, som Finanstilsynet sin første digitale rapport med eit interaktivt grensesnitt der brukaren sjølv kan utforske talgrunnlaget. Rapporten skal gi eit vesentleg betre brukargrensesnitt enn tradisjonelle PDF-filer.

I 2022 utvikla Finanstilsynet nytt intranett i SharePoint, som blei lansert i januar 2023. Det nye intranettet legg til rette for samhandling med andre flater i Microsoft Office.

Finanstilsynet.no er den viktigaste kanalen for å dele og formidle informasjon. Nettstaden skal bidra til at relevant informasjon er tilgjengeleg for alle målgruppene. Både strukturen og presentasjonen av innhaldet på finanstilsynet.no blei vesentleg utvikla i 2022. Den nye løysinga legg betre til rette både for publisering av relevant informasjon og for god formidling til interessentar. I 2022 inngjekk Finanstilsynet rammeavtale om grafisk design og visuell profil.

## Rapportering på fellesføring om konsulenttenester i 2022

I tråd med tildelingsbrevet skal Finanstilsynet arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og intern kompetanse.

### Konsulenttenester innanfor juridisk bistand

Finanstilsynet har eit eige fagmiljø innanfor utforming og gjennomføring av anskaffingar, men har i periodar behov for noko ekstern bistand og har derfor nytta juridisk bistand i samband med gjennomføring av anskaffingar.

### Konsulenttenester til forvalting og utvikling av IKT-løysingar

Systemporteføljen i Finanstilsynet er omfattande og krev mykje ressursar for å vareta sikker og stabil drift. Mellom anna må feil rettast, og integrasjonar mellom system må haldast ved like. Systemporteføljen krev stor grad av spesialkompetanse på ulike teknologiområde. Det vil ikkje vere formålstenleg å halde oppe interne fagmiljø med spisskompetanse innanfor alle kompetanseområde.

Finanstilsynet må ha nok intern kompetanse til å ha eit fornuftig eigarskap til drift og utvikling av eigne IT-løysingar. Det inkluderer kapasitet og kompetanse til å sikre nødvendig styring av og kontroll med utviklinga av IT-systema og den samla arkitekturen.

Eksterne konsulentar/utviklarar blei i 2022 nytta i forvalting, drift og vidareutvikling av følgjande tenester:

- datavarehus
- utvikling av Altinn-skjema
- innrapporteringsløysingar – mottak, validering og vidaresending til europeiske tilsynsmyndigheter
- fagsystem og register
- robotisert prosessautomatisering (RPA)
- IT-sikkerheit
- nettstaden til Finanstilsynet (Finanstilsynet.no)
- nytt intranett

### Konsulenttenester til strategisk IT-utvikling

Konsulentfirmaet Gartner bidreg med rådgiving innanfor mellom anna strategi, styring og oppfølging, ny teknologi, bruk av skytenester, sikkerheitsarbeid, dataforvalting, anskaffingar, endringsleiring og arbeidsformer.

**Tabell 11:** Utgifter til konsulentar (i kroner)

	2022	2021
Konsulenttenester innanfor juridisk bistand	295 201	115 414
Konsulenttenester til utvikling av programvare og IKT-løysingar	24 904 046	20 035 553
Konsulenttenester til strategisk IT-utvikling og rådgiving (Gartner)	2 659 053	1 758 200
Konsulenttenester til rekruttering o.a.	5 290	0
Konsulenttenester til kommunikasjon: grafisk design o.a.	30 450	96 315
Konsulenttenester til nettløysingar inkludert www.finanstilsynet.no	1 806 141	992 799

## Miljøansvar

Finanstilsynet hadde auka merksemd retta mot arbeidsmiljøet og berekraftig drift i alle ledd av verksemda i 2022. Arbeidet med å gjere Finanstilsynet meir miljøvennleg skjer på mange plan. Gjennom retningslinjer, informasjon og andre tiltak skal tilsette kunne vurdere påverknaden sin på miljøet og ta bevisste val for å bidra positivt til miljørarbeidet.

Finanstilsynet skal vere ein miljøbevisst og attraktiv arbeidsgivar som tilbyr dei tilsette ein trygg arbeidsplass og eit godt arbeidsmiljø. Finanstilsynet legg til rette mellom anna for å førebyggje fysiske belastingsskadar og halde sjukefråværet så lågt som mogleg. Finanstilsynet har fastsett ein overordna miljøpolicy og retningslinjer for å fremje klima- og miljøvennlege innkjøp og reiser og blei sertifisert som Miljøfyrtårn i juni 2022.

Finanstilsynet søker å legge til rette for eit klima- og miljøvennleg forbruk gjennom innkjøp av varer og tenester til eiga drift. Finanstilsynet legg mellom anna vekt på god ressursutnytting av inventar og andre varer med tanke på levetid, gjenbruk og gjenvinning. Finanstilsynet etablerte ein avtale for retur av teknisk utstyr mot slutten av 2020 – både for å lette arbeidet med å slette informasjonsberande einingar og for å sørge for at det tekniske utstyret kan gjenbrukast av mellom anna skuleelevar. I 2022 blei 238 einingar gjenbrukte og 269 einingar resirkulerte.

## Internkontroll

Finanstilsynet har ein oversiktleg organisasjon med linjestyring og klare ansvars- og fullmaktsforhold. Verksemda har felles rutinar og retningslinjer, inkludert saksbehandlings- og sikkerheitsrutinar. I tillegg er det utarbeidd arbeidsrutinar og sjekklister som er tilpassa dei ulike tilsynsområda. Alle retningslinjer og rutinar blir jamleg oppdaterte. Det er fastsett etiske retningslinjer for alle tilsette.

Basert på risikovurderingane som Finanstilsynet har gjort for verksemda til tilsynsområda, blir det utarbeidd seksjonsvise verksemdspelanar og ein verksemdsplan for Finanstilsynet samla sett for å synleggjere dei planlagde aktivitetane opp mot delmål og styringsparametar. Leiinga følgjer opp verksemdspelanane gjennom året for å vurdere om ressursinnsatsen og resultata er i samsvar med planar og prioriteringar, og for å sørge for at avvik blir forklarte og følgde opp. Om nødvendig blir planar tilpassa nye behov og føresetnader i løpet av året.

Den største risikoen for utøvinga av verksemda er knytt til evna til å ha god nok fagkompetanse på dei ulike tilsynsområda. Finanstilsynet legg derfor vekt på god leiing og personalpolitikk og vedtok ein kompetansestrategi i 2022 som skal følgjast opp med tiltak i 2023. HR-funksjonen deltek aktivt i arbeidet med rekruttering og personalutvikling. Dei administrative funksjonane til Finanstilsynet er støttefunksjonar til forvaltings- og tilsynsverksemda. Dokumenthandteringssystemet ACOS WebSak (Noark 5-godkjend) blei oppgradert i 2021, og verksemda nyttar mellom anna løysingane elnnsyn og eFormidling. Oppgåvene til økonomifunksjonen omfattar offentlege anskaffingar, budsjett og rekneskapsoppfølging. Finanstilsynet har inngått avtale med

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om levering av lønns- og reknescapstenester og med Statens innkrevjingsentral om innkrevjing av tilsynsavgift. Misleghaldsprofilen til tilsynet blir jamleg gått gjennom. Det var ikkje registrert noko vesentleg misleghald i 2022.

Anskaffingar av IT-løysingar, intern IT-utvikling og oppfølging av utkontraktert IT-utvikling er lagt til avdelinga for digitalisering og analyse. Prioriteringane innanfor IT-utvikling for den samla verksemda innanfor dei gitte budsjetttrammene blir drøfta i eit porteføljestyre.

Tilsynet har ein intern kontrollar som fører tilsyn og kontroll med etterlevinga av dei etiske retningslinjene og andre retningslinjer og rutinar for verksemda. Kontrollaren rapporterer til styret. Det blei ikkje avdekt vesentlege svake sider, feil eller manglar gjennom internkontrollen i 2022. Internkontrollen gir eit godt grunnlag for å sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av relevant regelverk, interne retningslinjer og rutinar. Verksemda er prega av stor grad av stabilitet, og det oppstår sjeldan vesentlege feil eller svikt i rutinane.

## Sikkerheit og beredskap

Finanstilsynet legg vekt på å vareta sikkerheita og ha beredskap for moglege kriser i enkeltføretak, finansiell infrastruktur og marknader og moglege truslar mot IT-sikkerheita både i føretak under tilsyn og i Finanstilsynet si eiga verksemd. I tillegg har tilsynet beredskap for eventuelle andre hendingar i eigen organisasjon.

Sikkerheits- og beredskapsorganisasjonen i Finanstilsynet har handtert beredskapen knytt til koronapandemien, og hadde i 2022 løpende oppfølging av risikoar og truslar som følgje av krigen i Ukraina, særleg risikoar og truslar knytte til cybersikkerheit. Organisasjonen har vist seg å vere i stand til å handtere konsekvensane av koronapandemien og truslane knytte til IT-sikkerheita og samfunnssikkerheita, både i tilsynsverksemda og i eiga verksemd. Det har vore tett samarbeid med Finansdepartementet, Noregs Bank og andre offentlege etatar, mellom anna for å auke beredskapen innanfor cybersikkerheit.

Finanstilsynet har nytta eit konsulentfirma for rådgiving om og testing av IT-sikkerheit og gjennomførte i 2022 penetrasjonstestar, revisjon av programvare og kvalitetssikring av oppsett og konfigurasjon for ulike skyløysingar.

For å gjere dei tilsette i Finanstilsynet meir bevisste på IKT-sikkerheit og IKT-truslar har det vore gjennomført jamlege phishing-testar med påfølgjande opplæring. I tillegg har tilsynet gjennomført allmøte med relevante tema innanfor IKT-sikkerheit.

Interne retningslinjer er blitt oppdaterte mellom anna med tanke på bruk av IKT-utstyr i utlandet, også i høg-risikoland.

Utover dette er følgjande større initiativ gjennomførte:

- Kravet til passordlengd er blitt strengare for alle brukarar.
- Det er etablert ei ny sentral løysing for sikkerheitskopiering (backup).
- Det er etablert ei ny skybasert utskriftsløysing.
- Eldre løysingar som Citrix og Windows 2008-serverar er avvikla.
- Både det kabla og det trådlause nettverket i lokala til Finanstilsynet er oppgradert.

Finanstilsynet heldt fram arbeidet med informasjons-sikkerheit og rapporterte til både Finansdepartementet og Nasjonalt tryggingsorgan (NSM – Nasjonal sikkerhetsmyndighet) om informasjonssikkerheita i verksemda og om styringssistema for informasjonssikkerheit.

Finanstilsynet søkte i 2022 om tilknyting til nasjonalt avgrensa nett (NBN – nasjonalt begrenset nett).

Det blei gjennomført ei brann-/evakueringsøving i samarbeid med Noregs Bank i 2022.

# Vurdering av framtidsutsikter



# Vurdering av framtidsutsikter

## Risiko for finansiell ustabilitet

Krigen i Ukraina, energikrisa, forstyrringar i forsyningkjedene og høg inflasjon bidreg til stor økonomisk og finansiell uvisse. Det er auka fare for finansiell ustabilitet i tida framover.

Mykje gjeld i norske hushald og høge prisar på bustader og næringseigedommar er dei viktigaste sårbarheitene i det norske finansielle systemet. Berre ein liten del av gjelda i norske hushald har fast rente. Det inneber at mange norske hushald er særleg utsette ved kraftig renteoppgang, inntektsbortfall og fall i bustadprisane. Gjeldsproblem i hushaldssektoren vil få store økonomiske og finansielle ringverknader.

Krisa i energimarknadene og forstyrringar i forsyningkjedene har saman med høg etterspurnad etter varer og tenester bidre til kraftig auke i konsumprisveksten globalt. Sentralbankar i fleire land har sett styringsrentene markert opp og varsle ytterlegare renteauke. I tillegg blir pengepolitikken stramma inn ved at sentralbankane byggjer ned obligasjonsbehaldningane sine.

Bankane har store utlån til ikkje-finansielle føretak generelt og til selskap innanfor næringseigedom spesielt. Historisk har bankar både i Noreg og internasjonalt tapt mykje på utlån til ikkje-finansielle føretak. Gjeldsbelastinga til føretaka har auka over tid, og for mange av desse blir innteninga betydeleg svekt når renta stig. Sterk prisstiging på straum og innsatsvarer har ført til auka produksjonskostnader i mange føretak. Prisane på næringseigedom har stige markant det siste tiåret som følgje av vekst i leigeprisar og låge avkastingskrav. Høgare rente og auka risikopremiar kan føre til sterk nedgang i innteninga til selskapa og til eit betydeleg prisfall på næringseigedom. Det vil auke risikoen for tap i bankane og for obligasjonseigarar og andels eigagarar i eigdomsfond. Refinansieringsrisikoen knytt til bank- og obligasjonsgjeld har auka som følgje av høgare avkastingskrav på investeringar i næringseigedom.

Store rørsler i marknadsprisane på finansielle instrument og råvarer i 2022 har gitt store utslag også i derivatmarknadene. Betydelege prisendringar på underliggende aktiva påverkar marknadsverdien på derivat og gir auka motpartsrisiko og marginkrav som kan føre til betydelege likviditetsutfordringar for kontraktspartane. Finanstilsynet vil framover ha særleg merksemeld på motparts- og likviditetsrisikoen til finansføretaka ved bruk av sikringsinstrument og annan derivathandel.

Dei siste åra er det avdekt alvorlege svakheiter i styring og kontroll i fleire finansføretak. Finanstilsynet må både som tilsynsmyndighet og som krisehandteringsmyndighet vere førebudd på at fleire føretak får finansielle og/eller operasjonelle utfordringar som inneber at føretaket

må avviklast eller krisehandterast. Erfaringsmessig er slike prosessar ressurskrevjande, også når verksemda til føretaket er relativt beskjeden.

Bankane har dei siste åra hatt låge utlånstap og god inntening, og dei tilfredsstiller dei regulatoriske minste- og bufferkrava med ein margin. Den reine kjernekapitaldekninga er noko høgare enn gjennomsnittet for europeiske bankar. Stor uvisse i verdsøkonomien og dei internasjonale finansmarknadene og høgare rentenivå på privat og offentleg gjeld gjer det meir sannsynleg med ein nedgang i produksjon og sysselsetjing og ein auke i utlånstap. God soliditet er avgjerande for bankane si evne til å bere tap og yte lån til kredittverdige kundar i nedgangstider.

## Digital finans og sårbarheit

Finanssektoren er prega av rask digitalisering som er driven av nye og avanserte digitale løysingar, nytt regelverk og nye aktørar. Den teknologiske utviklinga gir betydelege gevinstar for brukarane, finansføretaka og heile samfunnet, men medfører òg nye sårbarheiter.

Risikoen knytt til digitale angrep har fått auka merksemeld mellom anna som følgje av krigen i Ukraina. Dei tette samankoplingane i det finansielle systemet inneber at alvorlege hendingar hos éin eller fleire aktørar raskt kan føre til omfattande stans i kritiske tenester og dermed få alvorlege konsekvensar for samfunnet.

Fleire føretak som Finanstilsynet fører tilsyn med, har utkontraktert heile eller delar av IT-verksemda si. Meir bruk av skytenester og felles datasenter tenester kan medføre auka risiko for føretaka, mellom anna som følgje av meir komplekse verdikjeder og at ein blir meir avhengig av nokre få leverandørar. Finanstilsynet skal bidra til robuste IT-system og gode beredskapsordningar for å redusere risikoen for digitale kriser og avgrense konsekvensane av slike hendingar.

## Tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering

Kvitvasking av pengar og terrorfinansiering kan innebere store samfunnskostnader. Førebygging krev tett samarbeid mellom myndigheter og ulike næringer om handtering av risikoar, analysar og tiltak. Finanstilsynet har dei siste åra trappa opp arbeidet med å kontrollere korleis føretaka etterlever kvitvaskingsregelverket, og tilsynsmetodikken er vidareutvikla. I EU er eit forslag om å få på plass eit nytt felleseuropéisk regelverk i kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering, inkludert etablering av ei ny europeisk tilsynsmyndighet på området, til politisk behandling. Forslaget inneber at myndighetene trappar opp innsatsen for å sjå til at finanssektoren bidreg til å avdekke kvitvasking og terrorfinansiering. Bak forslaget ligg òg ein ambisjon om ytterlegare europeisk harmonisering av arbeidet på tvers av landa.

## Ulovleg verksemd

Ulovleg verksemd bidreg til å svekkje tilliten til finansmarknadene og representerer urimeleg konkurranse for føretak som driv i tråd med regelverket. Dei som driv ulovleg, kan vere aktørar som opererer utanfor eller i randsona av regulering og tilsyn, og som gir eit feilaktig inntrykk av å vere regulerte og under tilsyn. Nye digitale plattformer som utfordrar tradisjonelle forretningsmodellar, kan vere blant desse. Investorar og forbrukarar bør sjølve undersøkje om eit føretak er seriøst og påliteleg, mellom anna ved å sjekke verksemsregisteret til Finanstilsynet og marknadsåtvaringane. Finanstilsynet følgjer opp ulovleg verksemd, mellom anna ved å krevje at verksemda blir stansa. Fleire saker blir melde til politiet.

Oppfølging av ulovleg verksemd er ofte ressurskrevjande arbeid, og Finanstilsynet må vurdere innsatsen opp mot tilsynet med føretak som har løyve, er regulerte og er under tilsyn.

## Klimarisiko og berekraft

Overgangen til eit meir berekraftig samfunn og bruk av fornybare ressursar inneber ei stor omstilling av økonomien. Overgangfasen kan gi økonomiske tap i næringer og verksemder som blir påverka negativt av endringane. Det kan òg påføre bankar og andre finansføretak tap. Skadeforsikringsføretaka er særleg eksponerte mot fysisk klimarisiko. Finanstilsynet forventar at finansføretaka i risikostyringa dekkjer alle vesentlege risikoar, inkludert klimarisiko.

Omfangen av såkalla berekraftige finansielle produkt er i sterk vekst både i Noreg og internasjonalt. Større interesse for grøne investeringsprodukt aukar òg risikoen for at verdipapir og fond blir marknadsførte som berekraftige utan at dei er det, såkalla grønvasking.

Felleseuropeiske reglar om miljømål, klassifisering og krav til opplysningar frå føretaka vil bli gjennomførte i Noreg og vil vere grunnlaget for Finanstilsynet si oppfølging av grønvaskingsrisiko.

## Forbrukarvern

Forbrukarane si eksponering mot aksjemarknaden har auka over fleire år, mellom anna gjennom plasseringar i aksjefond, pensjonssparing og enkeltaksjar på Oslo Børs. Sidan aksjar kan variere mykje i verdi, er finansformuen til hushalda meir eksponert for svingingar enn før. Finanstilsynet legg vekt på at føretaka gir god informasjon og rådgiving ved sal av produkt.

Både i Noreg og internasjonalt har det òg vore stor interesse for nye investeringsmoglegheiter med høg og til dels uoversiktleg risiko, som til dømes virtuelle valutaer og andre kryptoaktiva. Handel med virtuelle valutaer og kryptoaktiva har til no vore uregulert, men truleg blir eit direktiv med regulering av marknaden for virtuell valuta (MICA) vedteke i EU i 2023. Direktivet inneholder mellom anna reglar om marknadsmisbruk, krav om løyve og investorvern. Dei nye reglane inneber nye oppgåver for Finanstilsynet.

Større interesse for grøne investeringsprodukt aukar risikoen for at fond og andre verdipapir blir marknadsførte som berekraftige utan at dei er det – såkalla grønvasking. EU vedtok i 2020 to forordningar på dette området: éi om offentleggjering av berekraftsinformasjon i finanssektoren og éi som definerer berekraftige økonomiske aktivitetar og investeringsprodukt (klassifiseringsforordninga). Forordningane er innarbeidde i norsk rett i lov om berekraftig finans, som tok til å gjelde 1. januar 2023. Finanstilsynet vil i tilsynsarbeidet vere merksam på grønvasking.

Den stadig meir omfattande digitaliseringa av det finansielle tenestetilbodet gjer det utfordrande for svake grupper med låg digital kompetanse å få tilgang til viktige tenester. Problemstillinga er i særleg grad sett på spissen i samanheng med legitimeringskrav og antikvitvaskingsrutinane til bankane. Finansavtalelova har reglar som skal sikre forbrukarane tilgang til grunnleggjande betalingstenester, og Finanstilsynet har i si rettleiing til kvitvaskingslova (rundskriv 4/2022) peikt på løysingar for å vareta begge regelverka.

Renteauke og høg inflasjon medfører at mange forbrukar har fått dårligare økonomi enn før. Det kan føre til at fleire forbrukarar får betalingsproblem og mislegheld pliktene sine, noko som gjer krava til god inkassoskikk, rådgiving og kundebehandling endå viktigare både for inkassoselskapa og finansføretaka.

Utviklinga understrekar òg kor viktig det er å ha krav til god rådgiving og kredittvurdering av lånesøknader. Særleg gjeld dette ved bustadlån, som er den største gjeldsbelastinga for norske hushald. Forbrukarar med betalingsproblem kan òg bli freista til å ta opp forbrukslån for å komme ut av eit økonomisk uføre.

Lov om forsikringsformidling, som tok til å gjelde i 2022, og lov om låneformidling, som tek til å gjelde 1. juli 2023, stiller nye og omfattande krav om løvve og krav til verksemda for dei som formidlar lån og forsikringar. Regelverket vil bidra til eit sterkare vern for forbrukarar og andre forsikringskundar som gjer avtalar gjennom formidlarar.

## Finansmarknaden i EØS

Aktivitetane i finansnæringa og dei finansielle tenestene på tvers av landegrensene innanfor EØS er omfattande. Det felleseuropiske finansregelverket er i aukande grad basert på fullharmonisering med avgrensa høve til nasjonal tilpassing, og det føreset omfattande harmonisering av tilsynspraksisen i regi av dei felleseuropiske tilsynsmyndighetene. Regelverket blir stadig utvikla for å handtere endringar i marknadene og for å fremje europeisk integrasjon. Det er ressurskrevjande å gjennomføre, tolke og etterleve regelverket og dei felles tilsynsstandardane. Forvaltinga av regelverket og deltakinga i tilsynssamarbeidet krev alt mykje ressursar i Finanstilsynet, og omfanget vil truleg bli større i åra framover. Behovet for rettleiing frå Finanstilsynet til føretak under tilsyn er òg aukande.

## Eit effektivt finanstilsyn

Tilsynsverksemda til Finanstilsynet skal vere risiko-basert. Det er likevel gitte rammer som i stor grad gjer at Finanstilsynet berre har avgrensa høve til sjølv å prioritere i tråd med det risikobaserte tilsynet. Finanstilsynet må, innanfor regelverksrammer, forpliktingar i EØS-samarbeidet, tildelte ressursar og spesifiserte krav i tildelingsbrevet og andre oppdrag frå Finansdepartementet, prioritere dei aktivitetane som samla sett bidreg mest til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å identifisere og setje i verk tiltak som kan gi ei betre og meir effektiv verksemd. Effektivisering og forenkling er nødvendig for at Finanstilsynet skal kunne gjennomføre nye ressurs-krevjande oppgåver og samtidig føre vidare eit forsvarleg aktivitetsnivå på alle tilsynsområda.

Finanstilsynet må arbeide for å tiltrekke seg personar med rett kompetanse og leggje til rette for kompetanseutvikling internt. Kompetente medarbeidarar som kjenner finanssektoren godt, er viktig for at Finanstilsynet kan drive eit effektivt og risikobasert tilsyn. Medarbeidarane skal kjenne eksisterande og nye nasjonale og felleseuropiske reglar, bidra til å utvikle tilsynsmetodikken og tilpasse han til endringar i finansmarknaden og evne å analysere risikobiletet og tendensane i marknadene.

Auka fare for finansiell ustabilitet i tida framover stiller krav til Finanstilsynet si evne, både som tilsynsmyndighet og krisehandteringsmyndighet, til å handtere kriser og uventade hendingar i enkeltføretak, infrastruktur og marknader.

Finanstilsynet har eit femårig digitaliseringsprosjekt i perioden 2022–2026. Formålet med prosjektet er å auke omfanget av og tempoet i digitaliseringsarbeidet. Satsinga gjeld særleg automatisering av forvaltingsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering og datafangst, betre analyseløysingar og meir datadeling.

# Årsrekneskap



# Årsrekneskap

## Kommentar frå leiinga

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten og tilhøyrande rundskriv og krav frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen med notar gir eit dekkjande bilet av dei disponibele løyvingsane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedom og gjeld i Finanstilsynet i 2022.

Stortinget fastset utgifts- og inntektsbudsjettet til Finanstilsynet som ein del av statsbudsjettet. For 2022 var budsjettet til driftsutgifter (post 01) opphavleg på 440 millionar kroner. Budsjettet blei seinare auka med 6,7 millionar kroner som kompensasjon for lønnsoppgjeren, og så blei det trekt frå 70 000 kroner for mindre reiser. Inkludert overførte midlar på 13,8 millionar kroner frå 2021 var den samla disponibile utgiftsramma til drift 460,3 millionar kroner.

Delar av budsjettet til Finanstilsynet blir tildelt på post 45 *Større nyanskaffinger og vedlikehald (IT)*. Løyvinga er øyremerkt IT-utviklingsprosjekt, og ubrukte midlar kan overførast til seinare budsjettår, uavhengig av driftsutgiftene. I budsjettet for 2022 blei det løvd 35,3 millionar kroner, og saman med overførte midlar frå 2021 på 3,1 millionar kroner var den disponibile utgiftsramma 38,4 millionar kroner. I dette inngår ei styrking av budsjettet med 15 millionar kroner til satsing på digitalisering. Denne satsinga skal etter planen skje i perioden 2022–2026 og skal rettast mot automatisering av forvaltingsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering, betre analyseløysingar og auka datadeling. Prosjektet har som formål å auke omfanget av og tempoet i digitaliseringa i Finanstilsynet, og det har òg ei eiga rapportering til Finansdepartementet. Satsinga på digitalisering inneber òg ein auke i driftsbudsjettet på 6,5 millionar kroner, som mellom anna er nytta til å opprette to nye stillingar.

Finanstilsynet legg vekt på at arbeidet med digitalisering skal ha ei klar retning og tydelege mål, i tråd med den fastsette digitaliseringsstrategien 2020–2022 og statlege føringer i digitaliseringsrundskrivet og digitaliseringsstrategien for offentleg sektor 2019–2025.

Finanstilsynet har over lengre tid utvikla IT-system for å etterleve nye og omfattande felleseuropeske regelverk og for å effektivisere og forbetre tilsynsverksemda. Arbeidet med å utvikle effektive rapporterings- og analyseløysingar i integrasjon med fagsystema til Finanstilsynet har vart i fleire år og må halde fram også dei kommande åra for å handtere den aukande oppgåve-mengda.

Løyvingsrapporteringa viser at utgiftene i 2022 summerte seg til 489,4 millionar kroner, ein nominell auke på 4,9 prosent frå 2021. I løyvingsrapporteringa inngår òg meirverdiavgift som er belasta nettoordninga for meirverdiavgift i staten. Mindreutgiftene for

post 01 Driftsutgifter kom på 17,8 millionar kroner, som Finanstilsynet har søkt å få overføre til 2023. Mindreutgifter for post 45 kom på i underkant av 13 millionar kroner og er søkt overførte til 2023. Berekning av mindreutgifter går fram av note B.

Dei samla lønnsutgiftene var på 324 millionar kroner, som er 4,7 prosent mindre enn i 2021. Utbetalingar til lønn utgjer 69,6 prosent av sum utbetalingar til drift i 2022, mot 75,9 prosent i 2021. Talet på utførte årsverk var berekna til 288 i 2022, mot 294 i 2021. Sjå nærmare omtale av talet på tilsette i Finanstilsynet på side 13. Lågare samla lønnsutgiftar enn året før kan, i tillegg til færre årsverk enn året før, forklarast med ein nedgang i betalt pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Utgiftene til pensjonspremie var 15,8 millionar kroner i 2022, ein nedgang på 57,1 prosent frå 2021. Nærmare omtale av pensjonspremien går fram av prinsippnoten om årsrekneskapen på side 49.

Utbetalingar til investering og andre utbetalingar til drift, jf. artskontorrapporteringa, viser ein auke på 30,3 prosent frå 2022. Forklaringa er mellom anna knytt til digitaliseringssatsinga, som fører til kjøp av meir konsulent-tjenester og fleire lisensar, auka utgifter til drift av lokala, hovudsakeleg som følgje av auka energiprisar, og auka betalingar for Noregs deltaking i tilsynsmyndighetene i EU og to EU-program. Auken heng òg saman med lågare forbruk på fleire område i 2021 som følgje av koronapandemien. Aktiviteten tok seg opp utover i 2022 og bidrog til større utgifter til reiser, kompetansestiltak m.m.

Finanstilsynet krev gebyr for å kontrollere prospekt etter verdipapirhandellova og for å behandle søknader om løyve til å drive betalingsføretaks- og e-pengeføretaksverksemder, opplysningsfullmektingverksemder og inkassoverksemder. Den samla innbetalinga var 13,8 millionar kroner i 2022, mot 14,3 millionar kroner i 2021. Meirinntekter samanlikna med budsjettet blei 1 million kroner og skriv seg frå kontroll av meir omfattande prospekt enn forventa i 2022. Gebyr for prospektkontroll var 13,3 millionar kroner i 2022, mot 14 millionar kroner i 2021.

Utgiftene til Finanstilsynet blir etter finanstilsynslova § 9 dekte av føretaka som er under tilsyn i budsjettåret. Etter lova skal utgiftene fordela på dei ulike føretaksgruppene etter omfanget av tilsynsarbeidet. Det samla kravet om tilsynsavgift utgjorde 488,4 millionar kroner. Tilsynsavgifta blir fordelt på dei enkelte føretaka etter utfyllande reglar i forskrift om utlikning av utgifter ved tilsyn. Etter den føregående høyringa hos dei aktuelle bransjeorganisasjonane blei tilsynsavgifta send til føretaka under tilsyn for betaling i mai 2022. I alt 15 335 tilsynseiningar var omfatta av utlikninga. Av desse var 90 utanlandske filialar. Den største tilsynsgruppa er rekneskapsførarar, med 12 080 einingar ved inngangen til 2022.

Vinningsavst  ing og gebyr for regelbrot blir rekneskapsf  rte under Finanstilsynet sitt inntektskapittel. Desse inntektene er ikkje ein del av grunnlaget for   rekne ut tilsynsavgifta. Til saman blei det betalt 8,7 millionar kroner i gebyr i 2022, mot 427,8 millionar kroner i 2021. Ein bank blei ilagd gebyr for regelbrot p   400 millionar kroner i 2021, og dette forklarer den store nedgangen fr   2021 til 2022.

Riksrevisjonen reviderer verksemda til Finanstilsynet. Revisjonsmeldinga for 2022 skal ligge f  re innan 1. mai 2023 og vil bli publisert p   nettstaden til Finanstilsynet.

Oslo, 22. februar 2023



**Morten Baltzersen**  
finanstilsynsdirekt  r

## **Prinsippnote for årsrekneskapen**

Årsrekneskapen er utarbeidd etter retningslinjer fastsette i punkt 3.4 i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og etter krav i rundskriv R-115, som er dagsett 17. desember 2019. Finanstilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Inntekter og utgifter blir rekneskapsførte når dei blir betalte. Rekneskapen følgjer kalenderåret og inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret. Utgifter og inntekter skal førast i rekneskapen med brutto beløp.

Finanstilsynet betaler inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Fram til 2020 blei premien berekna basert på forsikringsteknisk oppgjør og fondsoppfølging, der arbeidsgivaren sin del blei fastsett årleg. Frå 2021 har Finanstilsynet følgt føresegnene i rundskriv R-118 «Budsjettering og regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter». I ein overgangsperiode på to år (i 2021 og 2022) må Finanstilsynet betale ei eventuell underdekning i premieinnbetalinga for 2019 og 2020. Ei eventuell overdekning for desse to åra vil komme til frådrag i premien. I 2022 fekk Finanstilsynet eit frådrag i pensjonspremietilbetinga på 11,5 millionar kroner som følgje av for mykje innbetalt premie i 2020 og 2021. Innsparinga var 13,1 millionar kroner inkludert arbeidsgivaravgift.

Frå 2022 blei premieordninga for statlege verksemder lagd om. Før 2022 berekna ein premien ut frå ein fast sats (12 prosent i 2021), men no blei denne modellen erstatta med ein «hendingsbasert premiemodell». Det inneber at premien frå og med 2022 skal bereknast ut frå faktiske hendingar som påverkar pensjonsutgiftene til staten, og endringar i medlemstalet i verksemda. Arbeidstakaren betaler framleis 2 prosentpoeng av den pensjonsgivande lønna.

Den rekneskapsførte pensjonspremien for 2022 er basert på ein prognose frå Statens pensjonskasse. Eit forseinka lønnsoppgjør i 2022 førte til at individuell lønnsauke ikkje blei teke med i berekninga av pensjonspremien. Dermed blei ein lik lønnsauke for alle lagd til grunn. Verknaden av individuelle lønnspåslag vil derfor først inngå i premiefakturaen for første termin 2023. Den rekneskapsførte pensjonspremien i 2022 gir derfor ikkje eit heilt rett bilet av den faktiske pensjonspremien i 2022. Den faktiske pensjonspremien for 2022 og 2023 blir rett samla sett, men fordelinga mellom dei to rekneskapsåra vil ikkje vere heilt presis.

Finanstilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Ved overgangen til eit nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

## **Løyvingsrapporteringa**

Løyvingsrapporteringa med notar viser løyvingane som Finanstilsynet har hatt til disposisjon, saman med rekneskapsopplysningane som er rapporterte til statsrekneskapen.

Skatteetaten ved Statens innkrevjingssentral har fått belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og kapittel 5580, post 70. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har gitt Finanstilsynet særskilt løyve til å fråvike kravet til framstilling av løyvingsrapporteringa, slik dei er fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», punkt 3.4.3.2, ved å bruke fleire kolonner. Rapporteringa frå Skatteetaten / Statens innkrevjingssentral går derfor fram av kolonnen «Postert av andre i samsvar med fullmakten». Det reelle avviket mellom løyvinga og rekneskapen går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling». Løyvet til å fråvike standard framstilling ved å bruke fleire kolonner gjeld til og med rekneskapsåret 2025.

## **Artskontorrapporteringa**

Artskontorrapporteringa med notar viser Finanstilsynet si rapportering til statsrekneskapen i 2022 etter standard kontoplan i rekneskapsåret med samanlikningstal for 2021.

I den nedre delen av oppstillinga står mellomrekninga med statskassen. For å få eit dekkjande bilet av utgifter og inntekter er standard oppstilling supplert med ei linje under eigedomar og gjeld. Her inngår rekneskapslinja *Bankkontoar med statlege middel utanfor Norges Bank*. Dette er midlar som no inngår i rekneskapen til Finanstilsynet sidan det er Finanstilsynet som disponeerer dei. Av det samla beløpet på 1 385 671 kroner gjeld 1 382 953 kroner Boligbyggelagenes Sikringsfond, mens resten gjeld kontoar som blir nytta til innbetaling av eigendalar ved velferdstiltak i Finanstilsynet.

Note 6 viser forskjellen mellom avrekninga med statskassen og mellomrekninga med statskassen. Avrekninga med statskassen viser summen av bokført beløp i fordringar og gjeld i kontospesifikasjonen til Finanstilsynet, mens mellomrekninga med statskassen viser fordringar og gjeld som er rapporterte til statsrekneskapen.

**Tabell 12:** Oppstilling av løyvingsrapportering for rekneskapsåret 2022

Utgifts-kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2022	Meirutgift (-) og mindre-utgift	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
1602	Finanstilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	460 329 000	442 533 627	17 795 373		
1602	Finanstilsynet	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	A, B	38 406 000	25 441 055	12 964 945		
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter		0	21 458 312			
<b>Sum utgiftsført</b>					<b>498 735 000</b>	<b>489 432 994</b>			
Inntekts-kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2022	Meirinntekt og mindre-inntekt (-)	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
4602	Finanstilsynet	03	Saksbehandlingsgebyr	A, B	12 800 000	13 542 000	742 000	253 743	995 743
4602	Finanstilsynet	86	Vinningsavståing og lovbrotsgebyr o.a.	A, B	9 300 000		-9 300 000	8 709 694	-590 306
5580	Sektoravgifter underlagde Finans-departementet	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	A, B	487 060 000	634 539 -486 425 461	486 798 621	373 160	
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgivaravgift SAP		0	39 809 890			
<b>Sum inntektsført</b>					<b>509 160 000</b>	<b>53 986 429</b>			
<b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>						<b>435 446 566</b>			
<b>Kapitalkontoar</b>									
60050601	Noregs Bank KK / innbetalingar					25 649 785			
60050602	Noregs Bank KK / utbetalingar					-448 494 374			
716106	Endring i mellomverande med statskassen					-12 601 977			
<b>Sum rapportert</b>						<b>0</b>			
<b>Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)</b>									
						<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>Endring</b>	
716106	Mellomverande med statskassen					-26 930 998	-14 329 021	-12 601 977	

**Note A Forklaring av samla tildeling**

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelinger i år	Samla tildeling
1601 01 Driftsutgifter	13 777 000	446 552 000	460 329 000
1601 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	3 106 000	35 300 000	38 406 000
4602 03 Saksbehandlingsgebyr		12 800 000	12 800 000
4602 86 Vinningsavståing og lovbrotsgebyr o.a.		9 300 000	9 300 000
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane		487 060 000	487 060 000

**Note B** Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1602 01		17 795 373	17 795 373	22 327 600	17 795 373
1602 45	«Kan overførast»	12 964 945	12 964 945	55 100 000	12 964 945

\* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24, eller summen av dei siste to åra med løyving for postar med stikkordet «kan overførast».

**Opplysningar om avgitte belastingsfullmakter på inntektskapittel**

Kapittel og post	Meirinntekt og mindreinntekt (-)	Inntektsført av andre etter avgitte belastingsfullmakter (+)	Meirinntekt og mindreinntekt (-) etter avgitte belastingsfullmakter
4602 03 Saksbehandlingsgebyr	742 000	253 743	995 743
4602 86 Vinningsavståing og lovbrotsgebyr o.a.	-9 300 000	8 709 694	-590 306
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane	-486 425 461	486 798 621	373 160

## Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

### Mottekne belastingsfullmakter

Finansdepartementet gav i brev dagsett 21. mars 2000 (dåverande) Kredittilsynet fullmakt til å behandle og avgjere erstatningssaker som gjeld beløp under 250 000 kroner. Andre vilkår går fram av Justis- og beredskapsdepartementet sitt rundskriv G-01/2017 «Erstatningskrav mot staten – belastning av budsjettkapittel 471, post 71 og frafall av foreldelsesinnsigelse». Finanstilsynet nyttar ikkje denne fullmakta i 2022.

### Stikkordet «kan overførast»

Løyving til Finanstilsynet på post 45 er tildelt med stikkordet «kan overførast». Løyvinga på posten omfattar utviklingstiltak for IT-systema.

### Avgitte belastingsfullmakter (rekneskapsførte av andre)

Finanstilsynet har gitt Skatteetaten ved Statens innkrevingssentral belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og på kapittel 5580, post 70.

### Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

Finanstilsynet fekk ikkje meirinntektsfullmakt i 2022.

### Mogleg overførbart beløp

Mindreutgifter på post 01 er berekna til 17 795 373 kroner. Beløpet er under grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01, og heile beløpet blir rekna som mogleg å overføre til 2023. Det øyremerkte beløpet til digitaliseringssatsinga på post 01 er nytta fullt ut i 2022. Heile den ubrukte løyvinga på post 45 på 12 964 945 kroner kan overførast etter søknad. I den ubrukte løyvinga på post 45 inngår 4 098 023 kroner i ubrukte midlar av det øyremerkte beløpet til digitaliseringssatsinga.

**Tabel 13:** Oppstilling av artskontorrapporteringa

	Note	2022	2021
<b>Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetalingar frå gebyr	1	13 542 000	14 060 000
<b>Sum innbetalingar frå drift</b>		<b>13 542 000</b>	<b>14 060 000</b>
<b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetalingar til lønn	2	323 960 091	340 031 000
Andre utbetalingar til drift	3	141 566 324	108 037 709
<b>Sum utbetalingar til drift</b>		<b>465 526 415</b>	<b>448 068 709</b>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>451 984 415</b>	<b>434 008 709</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetaling av finansinntekter		0	0
<b>Sum investerings- og finansinntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	4	2 448 267	2 495 205
<b>Sum investerings- og finansutgifter</b>		<b>2 448 267</b>	<b>2 495 205</b>
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 448 267	2 495 205
<b>Innkrevjingsverksem og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	5	634 539	1 617
<b>Sum innkrevjingsverksem og andre overføringer til staten</b>		<b>634 539</b>	<b>1 617</b>
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>			
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		39 809 890	41 884 535
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		21 458 312	16 130 465
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-18 351 577	-25 754 070
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		435 446 566	410 748 227
Oversikt over mellomverande med statskassen			
<b>Eigedelar og gjeld</b>			
Fordingar på tilsette		11 667	24 998
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		1 385 671	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-14 844 134	-14 240 149
Skyldige offentlege avgifter		-153 980	-113 870
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-11 944 551	0
<b>Sum mellomverande med statskassen</b>	<b>6</b>	<b>-25 545 328</b>	<b>-14 329 021</b>

<b>Note 1 Innbetalingar frå drift</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
<i>Innbetalingar frå gebyr</i>		
Prospektkontrollgebyr	13 332 000	13 970 000
Gebyr betalings- og e-pengeføretak	210 000	90 000
<b>Sum innbetalingar frå gebyr</b>	<b>13 542 000</b>	<b>14 060 000</b>
<b>Sum innbetalingar frå drift</b>	<b>13 542 000</b>	<b>14 060 000</b>

<b>Note 2 Utbetalingar til lønn</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Lønn	268 518 041	264 416 738
Arbeidsgivaravgift	39 756 783	41 884 535
Pensjonsutgifter	15 790 251	36 825 035
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-6 489 745	-8 267 031
Andre ytingar	6 384 761	5 171 723
<b>Sum utbetalingar til lønn</b>	<b>323 960 091</b>	<b>340 031 000</b>
<b>Tal på utførte årsverk</b>	<b>288</b>	<b>294</b>

Talet på utførte årsverk er berekna etter personalmelding PM-2019-13: Definisjon av utførte årsverk.

<b>Note 3 Andre utbetalingar til drift</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Husleige	20 237 144	19 260 416
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	855 639	223 966
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	11 404 957	5 812 819
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr o.a.	1 392 546	330 990
Kjøp av mindre utstyr	802 948	623 740
Leige av maskinar, inventar og liknande	17 306 435	14 007 466
Kjøp av konsulenttenester	29 887 947	23 122 850
Kjøp av andre framande tenester	28 042 775	19 109 550
Reiser og diett	2 133 553	267 250
Andre driftsutgifter	29 502 381	25 278 662
<b>Sum andre utbetalingar til drift</b>	<b>141 566 324</b>	<b>108 037 709</b>

<b>Note 4 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle eigedelar og liknande	0	280 000
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	2 448 267	2 215 205
<b>Sum utbetalte til investeringar</b>	<b>2 448 267</b>	<b>2 495 205</b>

<b>Note 5 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Bidrag frå tilsynseiningane	634 539	1 617
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</b>	<b>634 539</b>	<b>1 617</b>

**Note 6 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen**

<b>Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen</b>		<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>Forskjell</b>
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellanverande med statskassen	
<b>Omløpsmidlar</b>	Andre fordringar	11 667	11 667	0
	Bankinnskot, kontantar og liknande	1 385 671	1 385 671	0
	<b>Sum</b>	<b>1 397 338</b>	<b>1 397 338</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>	Leverandørgjeld	-13 217 048	0	-13 217 048
	Skyldig skattetrekk	-14 844 134	-14 844 134	0
	Skyldige offentlege avgifter	-163 990	-153 980	-10 010
	Anna kortsiktig gjeld	-1 385 671	-13 330 222	11 944 551
	<b>Sum</b>	<b>-29 610 843</b>	<b>-28 328 336</b>	<b>-1 282 507</b>
<b>Sum</b>		<b>-28 213 505</b>	<b>-26 930 998</b>	<b>-1 282 507</b>



**Finanstilsynet**

Revierstredet 3  
Postboks 1187 Sentrum  
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00  
[post@finanstilsynet.no](mailto:post@finanstilsynet.no)  
[finanstilsynet.no](http://finanstilsynet.no)